



**Geirangerfjorden  
verdsarv**

1




United Nations  
Educational, Scientific and  
Cultural Organization



Geirangerfjorden  
World Heritage

## Årsrapport for 2024 for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv





Der ikkje anna er nemnt, er foto tatt  
av Merete Løvoll Rønneberg



## 1.0 Stiftinga 4

- 1.1 Styret Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv 4
- 1.2 Fagrådet 4
- 1.3 Verksemda sitt føremål 4
- 1.4 Dagleg leing 4
- 1.5 Rekneskap og revisor 4

## 2.0 Formidling og kompetanseheving 5

- 2.1 Kompetanseheving og nettverk 5
  - 2.1.1 Studieopphald fjordranger i Glacier Bay, Alaska 5
  - 2.1.2. Kurs i fyrstehjelp 6
  - 2.1.3 Opplæring sesongtilsette, e-læring 6
  - 2.1.4 Kompetanseheving innanfor særeigne felt 7
  - 2.1.5 Deltaking på andre kompetansehevande samlingar og kurs 8
  - 2.1.6 Deltaking på sentrale samarbeidsarenaer 10
- 2.2 Fjordranger basecamp program 11
- 2.3 Fjordranger skipsprogram inkl. prinsessebryllaup 12
- 2.4 Fjordranger Waterfall Walk 13
- 2.5 Filmproduksjon 13
- 2.6 Studiereise og skulesamarbeid Glacier Bay – Gustavus school, Alaska 14
- 2.7 Skulesamarbeid- venskapsskule Wattenmeer - Theodor Storm Schule i Husum/Tyskland 15
- 2.8 Samarbeid «verdensarvinger» - Norges Verdensarv 16
- 2.9 Fjordheimen – turne og skuleopplegg småskulen 16
- 2.10 Fjordheimen Musikal fase 1 17
- 2.11 Forprosjekt barneutstillinga Fjordheimen og implementering Fjordheimen på Geiranger skule 18
- 2.12 Forprosjekt audioguide utstilling 20
- 2.13 Utstilling Simon Wågsholm 20
- 2.14 Installasjon skuleelevar og Hanne Åmli 22
- 2.15 Kulturdag for Fjord kommune 23
- 2.16 Kartlegging kveik – genmateriale lokale bryggjetradisjonar 24
- 2.17 Lansering av ny film i kinosalen 24
- 2.18 Arrangement 25
  - 2.18.1 Foredrag med Oscar Puschmann 25
  - 2.18.2 Opning av kunstutstillingar 25
  - 2.18.3 Fosseløpet 26
  - 2.18.4 Fellestur til Torvløysa – bursdagen til Vestnorsk fjordlandskap 26
  - 2.18.5 Verdsarvgudsteneste på Kleivahammaren 26
  - 2.18.6 Målekurs med Regina Fee 27
  - 2.18.7 Andre arrangement 27

## 3.0 Naturvenleg tilrettelegging 27

- 3.1 Revidering av skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap 28
- 3.2 Fornying av opplysingsskilt 28
- 3.3 Istandsetjing øydelagde informasjonstavler 29
- 3.4 Tilretteleggingstiltak råser Kilsti i Eidsdal 29
- 3.5 Tilrettelegging snarvegar i Holebygda i Geiranger 30
- 3.6 Naudtiltak råsa til Homlungssætra og naudtiltak i Skagehola 32
- 3.7 Nasjonal turiststi Fosseråsa 33
- 3.8 Råsydding 37

## 4.0 Istandsetjing - kulturarven 38

- 4.1 Storfjordens Venner 38
- 4.2 Kulturvernforvaltar/restaureringshandverkar på prestegarden i Norddal 38
- 4.3 Restaureringsplan for Geirangerfjordområdet 39

- 4.4 Løe i Flydalen 39
- 4.5 Fjøs på Vinsås 39
- 4.6 Nystove i Møllstunet 39
- 4.7 Høyløe på Knivsflå 40
- 4.8 Sel Kvanndalssætra 40
- 4.9 Flydalssætra forprosjekt 41
- 4.10 Kløvstien i Geiranger, to prosjekt 41
- 4.11 Tørkestove og hagemurar/terrengmurar ved Møllstunet 41
- 4.12 Gjerde, rås og tiltak i tunet på Skageflå 43
- 4.13 Arborist Møllstunet 43
- 4.14 Synfaringar, søknadsarbeid og rapportering 43

## 5.0 Smart fjord - kunnskap, forskning, ivaretaking og utvikling 45

- 5.1 Kunnskap og FoU 45
  - 5.1.1 Air Quality monitoring 45
  - 5.1.2 TWIN FJORD 45
  - 5.1.3 Andre kunnskaps- og FoU prosjekt 45
- 5.2 Berekraftig ivaretaking og utvikling 46
  - 5.2.1 Smart fjord KULTUR 46
  - 5.2.2 Artist in residens (AIR) 46
  - 5.2.4 Festspela i Geiranger 51
  - 5.2.6 2026 vedtaket om utsleppsfrie verdsarvfjoridar 55
  - 5.2.7 Omstillingsprosjektet for Geirangerfjorden verdsarvområde 55
  - 5.2.8 Fellesgodefinansiering 55
  - 5.2.9 Parkeringsvertskap i Geiranger 56

## 6.0 Drift / Administrasjon 56

- 6.1 Tilsette 56
  - 6.2 Bygg/eigedom 57
  - 6.3 Elektrisk 57
  - 6.4 Brann 57
  - 6.5 Tekniske installasjonar og anlegg 57
  - 6.6 Ladestasjonar 57
  - 6.7 Miljøfyrtårn 57

## 7.0 BESØKSSENTER VERDSARV - NORSK FJORDSENTER 58

- 7.1 Besøkande 58
- 7.2 Visning og pressegrupper 58
- 7.3 Butikk 58
- 7.4 Kafé 58
- 7.5 Skjenkekontroll 58
- 7.6 Mattilsynet 59
- 7.7 LO si sommarpatrulje 59
- 7.8 Marknadsaktiviteter 59

## 8.0 REKNESKAP 59



## 1.0 Stiftinga

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vart oppretta på stiftingsmøte den 30. mars 2009 av stiftarane; Norddal kommune, Stranda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

| Styret      | Namn                  | Repr.                                   |
|-------------|-----------------------|-----------------------------------------|
| Styreleiar  | Terese Jemtegård Moen | Fjord kommune                           |
| Nestleiar   | Einar Arve Nordang    | Stranda kommune                         |
| Styremedlem | Lodve Solholm         | Møre og Romsdal Fylkeskommune           |
| Styremedlem | Kristin Krohn Devold  | Felles vald representant frå stiftarane |
| Styremedlem | Nils Roar Hareide     | Fagrådet                                |

### 1.1 Styret Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

Styret hadde i 2024 følgjande samansetting, i tråd med vedtektenes § 4 - 1:

Styret har gjennomført 3 styremøte i 2024 (desembermøtet vart skyvd til rett over nyår grunna sjukdom). Styret har behandla 33 saker. Styret bidreg til bevaring og styrking av fellesskapen og engasjementet i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap, gjennom at styreleiar og nestleiar har fast representasjon i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Einar Arve Nordang, Stranda kommune er nestleiar av Verdsarvrådet i perioden, med Kjell Bøe Bjørgum, Aurland kommune, som leiar. Frå 2025 er Geirangerfjorden Verdsarv bede om å overta sekretariatsleiar rolla, grunna utskifting av verdsarvkoordinator/dagleg leiar i Nærøyfjorden Verdsarvpark. Rådet har hatt 3 møte i 2024.

### 1.2 Fagrådet

Fagrådet er stiftinga sitt konsultative råd i faglege spørsmål. Fagrådet vert samansett med representantar frå offentlege og private institusjonar innan fagfelte naturforvaltning, kulturminneforvaltning, forskingsinstitusjonar og

andre relevante kompetansemiljø. I alt 20 personar sit i Fagrådet.

Det har ikkje vore avvikla møte i fagrådet i 2024.

### 1.3 Verksemda sitt føremål

Stiftinga sitt ideelle føremål er;

- å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap,
- å drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet,
- å representere ein arena for vitenskapelig forskning på området,
- samt vere premissleverandør overfor myndigheter,

i tråd med artikkel 5 e) i UNESCO konvensjonen, samt anna som elles står i naturleg samanheng med dette.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vart i 2020 registrert i Frivilligregisteret. Dette kjem i tillegg til tidlegare registrering i Foretaksregisteret, MVA-registeret og Stiftelsesregisteret.

### 1.4 Dagleg leiing

Katrin Blomvik Bakken er dagleg leiar i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, i tillegg har ho rolla som verdsarvkoordinator for Geirangerfjorden verdsarvområde. I 2024 har hovudsekretariatfunksjonen for Vestnorsk Fjordlandskap vore lagt til Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Katrin Blomvik Bakken sit i styret til Norsk Fjordsenter AS og vara i styret i Norges Verdensarv.

### 1.5 Rekneskap og revisor

Rekneskapsfører i 2024 er Økonsult AS, Stranda og revisjon er utført av revisorfirma BDO AS, avdeling Nordvest.



## 2. Formidling og kompetanseheving

### 2.1 Kompetanseheving og nettverk

Det er gjennomført fleire kompetansehevande tiltak sist år. For dei fleste tiltaka har delar av dei tilsette delteke, alt etter kva som har vore relevant for den einskilde.

#### 2.1.1 Studieopphald fjordranger i Glacier Bay, Alaska

Som ein del av systerparksamarbeidet med Glacier Bay National Park and Preserve, fekk vi i år til ei utveksling der ein av våre fjordrangerar fekk reise over til Glacier Bay i Alaska og følgje deira formidlingsarbeid over knapt 14 dagar.

Innleiingsvis fekk vi ei innføring i forvaltningssystema og korleis ferdselen inne i nasjonalparken vert styrt. Dette inkluderer også kva vilkår som vert sett for å operere i området.

Alt dette er eit viktig grunnlag for å forstå heilskapen og dimensjoneringa i formidlinga.

I løpet av opphaldet fekk fjordranger vere med parkrangerane ut på cruiseskipa og sjå korleis dei gjennomfører formidlingstenesta si der. Samstundes fekk han godt innsyn i korleis dei ulike formidlingsprodukta er bygda opp, og korleis Glacier Bay arbeider med opplæring og kompetanseheving mellom sine tilsette. Noko av det som imponerer, er systematikken og korleis resultat frå forskning vert implementert i formidlinga og brukt aktivt av parkrangerane. Dei er også svært dyktige til å lage gode strukturar og leieliner for rangerane, slik at dei både kan nytte sine eigne kompetansar og ferdigheiter, men samstundes held seg innanfor dei rammene nasjonalparken har, og slik at dei forheld seg til dei prioriterte tema som skal formidlast.



*Fjord Ranger Ioannis Hoel-Zervas fekk besøke verdsarven Glacier Bay, Alaska, og lære og utveksle erfaringar med parkrangerane der.*

*Foto: Ioannis Hoel-Zervas.*



*Vår fjordrangar saman med Steven Schaller, Supervisory Park Ranger i Glacier Bay.*

*Foto Ioannis Hoel-Zervas.*

Vår ranger fekk òg innsyn i korleis parkrangarane dreiv formidling på landsida, m.a. gjennom organiserte turar i parkområde i nærleiken av besøkssenteret.

Den andre veka fekk han vere med også korleis dei gjennomførte eit formidlingsopplegg over 3 dagar for skulelevar. Dette gav òg kunnskap og innsyn i kulturhistoria til Thlingit-folket, urbefolkninga i Glacier Bay.

Opphaldet gav rikt utbytte: Skal vi lukkast med å etablere og drive internasjonalt samarbeid, t.d. innanfor skule (sjå seinare i årsrapporten), er det svært viktig at vi vert betre kjende med kvarandre og får godt innsyn i korleis formidlingsarbeidet vert drive i dei respektive verdsarvområda. Glacier Bay og mange av dei andre nasjonalparkane i Amerika har drive formidlingsarbeid basert på interpretasjon i meir enn 70 år. Dei har over tid bygd opp systematikk og kompetanse som vi kan drage nytte av. I tillegg er det mange idear å hente frå dei praktiske opplegga. Vi set stor pris på den enorme gjestfriheita og viljen til å dele raust med oss! -Eit svært inspirerende og lærerikt opphald!

### **2.1.2. Kurs i fyrstehjelp**

Kurset vart gjennomført ved fyrstehjelpsinstruktør Per Inge Jelle ved starten av sommarsesongen. Både fast tilsette og sesongtilsette deltok. Kurset gjekk gjennom grunnleggjande fyrstehjelp med fokus på kva situasjonar det var størst sjanse for at vår organisasjon kan komme til å måtte handtere.

Vi har nytta Jelle i fleire år til dette oppdraget, og er svært godt nøgde med opplegg og gjennomføring.

### **2.1.3 Opplæring sesongtilsette, e-læring**

Formidlingsleiar er ansvarleg for opplæringa av sesongtilsette. Denne opplæringa vert tilpassa kva funksjonar dei ulike skal ha i vår organisasjon. Alle gjennomfører e-læringskurset «Verdsarvvert». Elles:

Tilsette ved senteret:

Opplæring knytt til praktisk arbeid ved senteret. I tillegg grunnlegjande kunnskap knytt til vertskap, verdsarvområdet og lokalkunnskap knytt til tilbod i området og kommunikasjonar. Delar av utdanninga køyrer vi som praktiske øvingar.



*Gjennom sesongen gjennomførte tilsette i verdsarvstiftinga eit par turar til ulike stadar i verdsarvområdet for å bli betre kjende, både med landskapet og kvarandre. Her frå tur til Herdalssætra.*

#### Råstryddarar:

Praktisk opplæring knytt til HMS og bruk av maskiner og verktøy. Demonstrasjon og gjennomgang av nivå på råstrydding, opptreden og vertskap.

#### Vertskap fosseråsa:

Grunnleggande kunnskap om verdsarvområdet, og særskilt natur- og kulturverdiar i nærområdet.

Relevant kunnskap knytt til trygg ferdsel og friluftsliv. Allemannsretten.

Vi tilbyr e-læringskurset verdsarvvert til alle våre partnerar i verdsarvkommunane, og særleg fleire av guideselskapa er flinke til å bruke kurset og gir det gode tilbakemeldingar.

Sist sommar satsa vi meir på å samle alle i kollegiet både for å byggje og styrke sosiale relasjonar og

for at særleg sesongtilsette skulle bli litt betre kjende med området. Vi arrangerte m.a. ein fellestur til Herdalssætra, og ein tur til Kilstivatnet og -sætra. Planlagt tur til Skageflå fekk vi diverre ikkje avvikla.

#### 2.1.4 Kompetanseheving innanfor særeigne felt

- Vaktmeister har gjennomført kurs i varme arbeid.
- Senterleiar har delteke på
  - Webinar om lokalmat på Sunnmøre
  - Webinar om reiselivet i vekst mot 2030
  - Kurs i bearbeiding av mat i regi Mattilsynet.



- Restaureringshandverkar deltok på Handverkarsamling med tema «høvelmaking». Retta mot handverkarar som arbeider med historiske bygg og fartøy. I regi av Møre og Romsdal Fylkeskommune og Fellestenesta bygningsvern-Nordmørsmusea og Romsdalsmuseet 27.februar til 1. mars 2024.
- Driftsleiar/økonomisjef har delteke på
  - Webinar om pensjonskostnader i regi KLP.
  - Webinar om eco-counter passeringsteljarar.
- Prosjektleiar kultur har delteke på kurs om publikumsutvikling i regi av Høstscena.

### **2.1.5 Deltaking på andre kompetansehevande samlingar og kurs**

Gjennom året har vi fått med oss desse **fysiske samlingane**:

- **Nordisk Verdsarvsamling** i Petajavesi, Finland. Arrangert i september 2024. Formidlingsleiar deltok.
- **Verdsarvforum** i Oslo, arrangert november 2024. Direktør og formidlingsleiar deltok.
- **Samling for autoriserte besøkssenter** i Lofoten, Lofotodden Nasjonalpark. Arrangert september 2024. Formidlingsleiar deltok.
- **KUVA-kurs i Trondheim**. I regi av Miljødirektoratet og RA. Mars. Direktør/koordinator deltok.
- **Samling Nasjonal turiststi** ved Preikestolen, juni 2024

Formidlingsleiar/ prosjektleiar Fosseråsa deltok.

- **Samling for naturvegileiarar** i Rosendal, august 2024. Folgefonna Nasjonalparksenter Formidlingsleiar og fjordranger deltok.
- **Verdsarvkoordinatormøte** i Oslo. Direktør/koordinator deltok.
- **UNESCO konferansen** for den norske Unesco-familien. Oslo i november. Direktør deltok.
- **Fagseminar under Festspela** i Geiranger. Fleire tilsette deltok.
- **Strategisamling for eigen organisasjon**. Arrangert på Runde i november. Nesten alle tilsette i Verdsarvstiftinga deltok. Kombinert med meir informasjon frå fagmiljøet knytt til Runde Miljøsentra, og særleg fokus på behovet for kunnskapsinnhenting/ forskning med grunnlag i naturverdiane i fjorden/havet og potensialet for samarbeid. I samlinga elles fokuserte vi på planar for jubileumsåret og friluftslivets år 2025.
- **Rundesymposiet**. Konferanse på Runde Miljøsentra. Arrangert i april. Tematikkar kring naturforvaltning, berekraft og samfunnsutvikling. Direktør og formidlingsleiar deltok.
- **Interessegruppemøte geologisk næringsgrunnlag i Møre og Romsdal**. Dagsseminar på Molde. Fokus på arbeidet som er gjort i regi NGU med kartlegging av geologiske ressursar i fylket. Fylkeskommunen v/Thomas Finnøy var ansvarlege for arrangementet i september. Formidlingsleiar og fjordranger deltok.
- **Cowork-arbeidet**: Besøk av Island, og felles nettverksmøte med Færøyane i ei



Frå strategisamling på Runde, der vi også fekk ei fin innføring i arbeidet til Runde Miljøsentar.

samling for digitale nomadar, eit europeisk prosjekt som var på besøk i Geiranger i same perioden. Her er M&R fylkeskommune partner og vi er lokal partner. Oktober 2024. Direktør deltok saman med prosjektleiar for Fjord Cowork satsinga.

Utover dette har vi gjennom året delteke på fleire **digitale** samlingar og kurs. Mellom dei mest sentrale av desse nemner vi:

- Møter i FoU prosjekta: TourRisk og Twin Fjord. Direktør deltok.
- Webinar i det marine nettverket av naturområde: **UNESCO World Heritage Marine Managers Meeting**. Tema: Sustainable tourism. Desember 2024. Direktør deltok.
- Serien «**Riksantikvartimen**» som går anankvar torsdag og tek for seg aktuelle tema knytt til kulturarv og forvaltning. Formidlingsleiar, fjordranger og restaureringshandverkar har delteke på ein del aktuelle tema for oss.



- Fleire seminar knytt til interpretasjon i regi av **Norske parker**. Formidlingsleiar og fjordranger har delteke på dei fleste.
- Webinar i regi **Interpret Europe**. Webinara har tema knytte til formidling og formidlingsteknikk. Fjordranger og formidlingsleiar har delteke på nokre av desse.
- **Nordisk nettverk for verdsarvområde knytt til natur**. Nettverket vart etablert i 2022, etter det Nordiske møtet i Notodden. Det har vore fleire webinar sist år. Formidlingsleiar har delteke.
- **Nettverk norske naturvegleiarar**. Det er etablert eit digitalt nettverk med «kaf-fimøte» der vi både drøftar aktuelle sakar, og der eksterne ressursar held foredrag om relevante tema. Formidlingsleiar har delteke på dei fleste.
- **Webinar NGU-dagen**. Fokus på geologien si rolle i ei berekraftig samfunnsutvikling. Fjordranger Ioannis deltok.
- **Webinar stiskulen**. Formidlingsleiar har delteke.



- **Webinar:** Korleis lys kan nyttast til å skape eit attraktivt sentrum i dei mørke timane. Mai. Direktør deltok.
- **Webinar om budsjettprosessen i staten.** Direktør deltok.



*Formidlingsleiar deltek fast på samlingane for Nasjonal turiststi. I år var samlinga lagt til Preikestolen ved Lysefjorden.*

#### **2.1.6 Deltaking på sentrale samarbeidsarenaer**

Gjennom året engasjerer Stiftinga seg på fleire område knytt til føremålet vårt. Nokre møte er avgjerande for arbeidet vårt og heilt naudsynt. Andre gongar vert det ei prioritering. Å bruke tid i fellesskap med andre naturlege samarbeidspartnarar er ein viktig del av kvardagen vår. Ikkje alt ser ein resultat av, i alle fall ikkje på kort sikt. Likevel kan det ofte vere fornuftig å vere med for å vere ein del av eit miljø, utveksle tankar, få tilgang til informasjon og kunnskap og synleggjere verdsarven. Ikkje minst er det viktig for oss at vi kan dele kunnskap om verdsarven og ansvaret for å ta vare på han.

Vi nemner opp nokre av arenaene og møteplassane der vi har nytta tid/ ressursar. Merk at forskningssamarbeid vert handsama under eige kapittel:

- **Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.** Både digitale og fysiske møte.
- **Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen Landskapsvernområde.** Både digitale og fysiske møte. Formidlingsleiar er bisitjar på alle møte.
- **Arbeidsgruppe for Verdsarvskulen i Eidsdal.** Stort sett fysiske møte. Formidlingsleiar er medlem.
- Arbeidsgruppe knytt til «**Friluftslivets Ferdelsårer**», **Fjord kommune.** Starta opp hausten 2022 og har helde fram også i 2024. Formidlingsleiar deltek.
- **BygdePUB** i Geiranger arrangert under vinterhalvåret/skuldersesongen. Ein sosial, uformell møteplass mellom bygdefolk, næringsdrivande og hyttefolk, der alle er velkomne. Faglege innlegg med ulike tema har vore oppe til drøfting på dei sosiale kveldane. Det har vore avvikla 3 bygdepubar i 2024.
- **Fleire møter med Stranda kommune og fylkeskommunen** om ulike tematikkar;



gatelys, parkeringstunell, strategisk lysplan, trafikksituasjonen i Geiranger, designmanual for Geiranger sentrum, Fjordaparken, nedste del av Fossevandringa og berekraftig reisemål m.m.

- **Kulturlandskapskonferanse.** Arrangert i Geiranger oktober 2024 i eit samarbeid mellom landbrukskontora i Stranda og Lærdal (forvaltninga av kulturlandskapsmidlane for Vestnorsk fjordlandskap). Drøftingar knytt til ordninga og korleis ein best mogleg skal syte for at verkemidlane treff målet med ordninga. Brei deltaking frå forvalting saman med nokre få representantar frå landbruksnæringa. Det vart gjennomført ein ekskursjon til Herdalssetra og besøk i Melchiorgarden i Norddal. Formidlingsleiar deltok for Verdsarvstiftinga.

## 2.2 Fjordranger basecamp program

I basecampprogrammet køyrer fjordranger eit utandørs undervisingsopplegg basert på visualisering av geologiske prosessar, uhøgtidlege og artige leikar og konkurransar, og der deltakarane sjølve skal vere aktive. I totalpakken inngår ei rekkje aktivitetar knytt til både geologi og naturmangfald, og til kulturarven. På forespørsel kan vi tilpasse programmet slik at skuleklassar får særskild fokus på eit fagområde.

Dei siste åra har vi fått nokre skular som brukar oss fast i desse opplegga (Stranda vgs, Haram vgs), i tillegg til dei som kjem inn på einsildopplegg. Programmet vert hovudsakleg køyrt på uteområdet til Norsk Fjordsenter, og vert stort sett brukt av skular. Vi har unntaksvis reist ut på skular i verdsarvkommunane med programmet, men dette er ressurskrevjande og usikkert om vi kan greie å levere regelbunde.

*Fjordrangerane har høgt fokus på vertskap og historieforteljing.*





### 2.3 Fjordranger skipsprogram inkl. prinsessebryllaup

Samarbeidet med Havila kystruten held fram i 2024, og er grunnlaget for satsinga Winter cruise Ålesund-Geiranger tur-retur. Programmet er eit samarbeid mellom fleire lokale aktørar: Geiranger Fjordservice AS (sightseeingbåt/koordinering), Geiranger Turbil og Taxi (buss), Brasserie Posten (matservering, dei kom med i samarbeidet hausten 2023) og Verdsarvstiftinga (formidling og besøkssenter).

Programmet vart gjennomført i perioden 1. november til 31. mai, og Havila hadde fire skip i fart gjennom heile perioden. Vi hadde såleis turar kvar tredje dag, stundom annankvar dag. Gjestene frå Havila er grunnlaget for satsinga, men det er òg mogleg å booke privat. Talet på gjester har tatt seg sterkt opp frå starten, og tilbakemeldingane er fantastiske! Det er svært tilfredsstillande å vere

med i ei slik satsing saman med fleire lokale aktørar, og vi ser at dette har reell betydning når det gjeld lokal verdiskaping.

På sommarsesongen har vi i tillegg hatt nokre turar med gjester frå andre selskap, mellom desse eit avgrensa tal turar med Hurtigruten (same opplegg som Havila).

På båtturen inn til Geiranger gjennomfører fjordrangerane eit formidlingsprogram som bygg på mange av prinsippa innanfor interpretasjon. Dei er innom eit breitt spekter av tema knytt til verdsarvområdet med omland, og gjennom formidlinga ønskjer vi å gje dei besøkande eit meir heilskapleg og samansett bilete av området: Historikk, natur- og kulturhistorie vart bunde saman, og nokre konflikhtar/kontroversielle saker vert presenterte. Slik får dei besøkande eit betre innblikk i korleis det er å bu og leve i området, og



*Glimt frå Winter cruise Ålesund-Geiranger. Folk nyt verkeleg naturen på vegen innover fjordane.*



dei kan kjenne att situasjonar frå egne erfaringar eller heimstader.

Fjordrangarane er vertskap under heile turen, og har såleis ei utvida rolle utover å vere reine formidlarar.

I Geiranger er det guida busstur til Flydalsjuvet, fotostopp der, og så besøk på Norsk Fjordsenter. Gjestene har tilbod om å gå Fossevandringa før båten returnerer til Ålesund. På båtturen attende får dei besøkande servert ein lokal tapasrett. Tilbodet vart etablert i starten av 2024, og har slått svært godt an.

I samband med **bryllaupet til Prinsesse Märta Louise og Durek Verrett 31. august 2024**, fekk vi engasjement som fjordrangarar på båtturen frå Ålesund til Geiranger. Dette var ei stor æra. Vi stilte med fire rangarar, to på kvart skip som gjekk innover til Geiranger. Ved dette høvet tok vi utgangspunkt i det normale formidlingsprogrammet vårt, men gjorde tilpassingar til det særskilde høvet ved å ta ut noko stoff og leggje inn nokre nye historier, anekdotar og litt skjemt, relatert til området og bryllaupstradisjonar. Det vart ein flott dag med fine opplevingar, og ei verdifull erfaring for rangarane våre. Vi er takksame og stolte over å ha fått, og gjennomført dette oppdraget på ein god måte.

*Fjordrangarane Nicole (t.v) og Ioannis (t.h.) i aksjon under Winter cruise frå Ålesund til Geiranger.*



## 2.4 Fjordranger Waterfall Walk

Tilbodet om vandreturar opp Fossevandringa, saman med ein fjordrangar som formidla, held fram i 2024, og dette fungerer godt. Eit standard formidlingsprogram opp Fossevandringa tek kring 1 time og 15 minutt. Vi kan ta inntil 12 personar i ei gruppe, og rangarane har utvikla egne formidlingsprogram.

Konseptet er bygd kring same lest som skipsprogrammet, men i endå større grad går det ein raud tråd gjennom formidlinga. I løpet av turen vil rangaren stoppe på bestemte stader og formidle knytt til nokre utvalde tema. I tillegg byr naturlegvis turen på gode sjansar til personleg kontakt med rangaren, slik at den besøkande kan få svar på ulike spørsmål han måtte ha.

Produktet inkluderer inngang til utstillingane ved Norsk Fjordsenter.





## 2.5 Filmproduksjon

Vi laga to filmproduksjonar knytt til Fosseråsa i 2023-2024. Den eine fokuserer på opplevingsverdiane i Fosseråsa, medan den andre gir råd om trygg ferdsel.

Begge filmene er laga av fjordranger og formidlingsleiar, og vi har brukt lokale aktørar som «skodespelarar».

Vi ønskjer at filmene både skal bidra til å synleggjere friluftsmoglegheiter tett på Geiranger sentrum (ikkje behov for transport), og gjere besøkande meir medvitne på trygg ferdsel.

Lenkje til film 1 frå Fosseråsa:

[Opplev Fosseråsa - Experience the Waterfall Hike, Geiranger \(Eng subs\) - YouTube](#)

Lenkje til film 2 frå Fosseråsa:

[Safe hiking in Fosseråsa, Geiranger, National Scenic Hikes/ Trygg ferdsel i Fosseråsa - YouTube](#)

I tillegg har vi laga ein kort film knytt til toppturar: Opplevingsverdiar, men også fokus på sikkerheit. Filminga er gjort av formidlingsleiar medan internship frå universitetet i Bonn gjorde klipping og redigering under sitt opphald hos oss siste sommar.

<https://youtu.be/dY4VRDsFUWI>

Internship gjorde også jobben med klipping og redigering av ein film knytt til kulturlandskapet. Filmen følgjer saueslepp på utmarksbeite til Grinddalen. Formidlingsleiar har gjort filminga.

<https://youtu.be/XNR4GhQrIdE>

Vi produserte også i samarbeid med Hyke Studio ein filmsnutt som oppsummerer Geiranger Lyskunstfestival 2024, den finn du her: [Geiranger lyskunstfestival 2024](#)

Som ei artig avslutning på året og julehelsing laga vi ein liten humoristisk stemningsrapport frå oss i verdsstiftinga:

[Sju hasselnøtter ordnar julefreden i verdsarven \(2024\) - YouTube](#)

## 2.6 Studiereise og skulesamarbeid Glacier Bay – Gustavus school, Alaska

Som ein del av systerparksamarbeidet vårt med Glacier Bay i Alaska, fekk vi våren 2024 til ei skuleutveksling der to lærarar frå vårt område reiste over til verdsarvområdet i Glacier Bay. Målsetjinga var å opprette kontakt med Gustavus school med tanke på eit reelt skulesamarbeid mellom dei to verdsarvområda, og i tillegg ønskte vi at våre lokale skular skulle få betre kjennskap til dette verdsarvområdet og korleis det vert forvalta. Eit viktig mål var å bringe inn det globale perspektivet på verdsarv og få ei auka forståing kring korleis vårt verdsarvområde er ein del av ein heilskap i UNESCO-familien.

Jon Axel Solhaug frå Geiranger skule og Kari Elisabet Løvoll Dalhus frå Eidsdal skule vart valde ut av dei to skulane til dette programmet. Begge har lang erfaring som lærarar og vert rekna som stabile ressursar på sine arbeidsstader. I tillegg har dei begge engasjert seg sterkt i undervising knytt til verdsarvrelaterte tema i skulane.

I løpet av opphaldet i Glacier Bay besøkte lærarane Gustavus school og fekk både møte elevane og høyre meir om skulen og undervisinga, og dei hadde også møte med lærarane. Dei følgde også fleire av formidlingsprogramma i regi av Nasjonalparken, der opplegga er retta mot skulane. I tillegg hadde dei fleire ulike utflukter ut i verdsarvområdet/nasjonalparken og fekk såleis betre innsyn i både natur og biologisk mangfald, og ikkje minst fekk dei innføringar i forvaltning og viktige retningslinjer/reglar ein må forhalde seg til når ein oppheld seg i dette området. Likeins var lærarane innom besøkssenteret og samlingshuset til Tlingitfolket (urbefolkninga i området) – Huna Tribal House. I løpet av opphaldet vart dei òg inviterte til ein «bygdefest». Her presenterte dei våre skular, lokalsamfunn og vårt verdsarvområde.

Skal vi greie å forankre verdsarven skikkeleg lokalt, trur vi at samarbeidet med skulane er ein nøkkelfaktor. Då er det òg viktig å syte for at lærarane får god innsikt i verdsarvarbeidet. Slik



*To lokale lærarar fekk reise på besøk til Gustavus school i Glacier Bay med tanke på å få til eit tettare samarbeid mellom dei to verdsarvskulane.*

kan ein byggje forståing og engasjement. Som ein konsekvens av dette samarbeidet, har også elevane knytt kontakt med kvarandre, på tvers av Atlanteren, via sosiale medium. Vi ser på dette samarbeidet som ei investering i framtida, også for å gjere våre små skular og sårbare lokalsamfunn meir attraktive som bustader for innflyttarar. Levande lokalsamfunn er òg viktig for å ta vare på verdsarven.

## **2.7 Skulesamarbeid- venskapsskule Wattenmeer - Theodor Storm Schule i Husum/Tyskland**

Verdsarvstiftinga har saman med ungdomsskulane i Sunnylven, Geiranger og Eidsdal innleia eit samarbeid/venskapsskule med Theodor Storm Schule i Husum/Tyskland. Theodor Storm Schule har slik som skulane her eit tydeleg og planmessig fokus på verdsarv i sine læreplanar og er såleis ein god og naturleg samarbeidspart for skulane her.

Målet med samarbeidet er å utveksle kunnskap om kvarandre sine verdsarvområde, samt kultur, språk og geografi. Ei gruppe elevar frå Theodor Storm Schule kjem på eit fire dagers besøk til Geirangerfjordområdet i veke 19/2025.

For våre skular er det òg eit poeng at dette skulesamarbeidet kan styrke språkopplæringa innanfor tyskfaget. Nett som for samarbeidet med Glacier Bay, ser vi potensiale for ei satsing som kan bringe noko nytt, spennande og attraktivt inn i dei lokale skulane.

Til liks med verdsarvområdet i Glacier Bay, er også verdsarvområdet Wattenmeer/Vadehavet /Wadden sea del av det marine nettverket i Unesco-naturfamilien, der også Vestnorsk fjordlandskap er med.



*På formidlingssamlinga på Vega vart det òg tid til ein liten tur ut i felt.*

## **2.8 Samarbeid «verdensarvinger» - Norges Verdensarv**

I 2023 var Vestnorsk fjordlandskap pilot ved uttestinga av den nye trainee-ordninga til Norges Verdensarv: «Verdensarvinger». Satsinga til Norges Verdensarv (NVA) har fleire delar, og ved sida av ei traineeordning, arbeider ein også med nasjonale undervisningsopplegg knytt til verdsarv. Eit viktig mål er at alle born og unge skal ha eit visst kjennskap til verdsarven, uavhengig av kvar dei bur i landet. Norges Verdensarv har i siste del av 2024 tilsett ein prosjektleiar som skal jobbe konkret med den sistnemnde satsinga. Men det er samstundes lagt stor vekt på at verdsarvstadane skal bidra inn i arbeidet.

I april var såleis formidlarane frå dei åtte ulike norske verdsarvstadane samla til arbeidsverkstad på Vega, og i samband med Verdsarvforum i Oslo, la vi òg inn ei dagssamling dit. Dette har vore intensive dagar, men også noko arbeid på

heimebane. For vår del har vi lagt fram ei ideskisse til undervisningsopplegg i samarbeid med kollegaer frå Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Prosjektet har òg vore svært positivt fordi vi har fått betre innsyn i formidlingsarbeidet på dei ulike verdsarvstadane i landet. Det er fint å ha ein slik arena for å dele, drøfte og hente nye impulsar.

## **2.9 Fjordheimen – turne og skuleopplegg småskulen**

I 2023 gjennomførte vi for fyrste gong ei veker turne på småskulane i verdsarvkommunane Stranda og Fjord. I 2024 tok vi den same runden på dei skulane/klassane vi ikkje rakk (eller hadde kapasitet til) året før. I praksis betydde dette ein dag med Stordal skule og samla opplegg for 1.-4. klasse, og fire dagar på Ringstad skule på Stranda.



Her er klassene så store at vi hadde ein dag med kvart årstrinn i 1.-4. klasse.

Vi køyrde det same opplegget som året før: Innleiande dramatisering der elevane fekk møte Gaute Gneis og Frode Feltspat, og ein del av dei andre figurane frå dette universet. Skodespelet handla om korleis verdsarvlandskapet har blitt til, og korleis det endrar seg når naturkreftene jobbar. I tillegg var tema knytt til ivaretaking av naturen. Etter skodespelet køyrde vi aktivitetar som elevane sjølve fekk delta på. Fokuset var geologi og bergartar. Vi avslutta utandørs med natursti i skulen sitt nærområde.

I tillegg til denne veka, tok også småskulane i Geiranger og Eidsdal kontakt med ønske om liknande opplegg som dei hadde hatt året før. Også for desse laga vi nye opplegg. Gjennom «kjennskap og vennskap» fekk vi òg spørsmål om å køyre eit opplegg for Åse skule i Ålesund. Dei ønskte turnepakken vår for alle elevar i 2. klasse – vel 40 elevar. I tillegg hadde dei med 6. klassingane som fadderar og hjelparar, dermed vippa vi 80 stykker i gymsalen. Med så mange elevar måtte sjølvstøtt ein del tilpassast, men også her fekk vi svært gode tilbakemeldingar: «Dette kan de trygt reise fylket rundt med!» For oss var opplegget med elevane frå Åse mest som ein test å rekne: På mange måtar skulle vi tatt formidlingsarbeidet vårt ut til heile fylket – det hadde vore ideelt. Men kapasiteten vår set sine grenser.

## 2.10 Fjordheimen Musikal fase 1

Formidlingsleiar har i fleire år hatt ein draum om ei større og meir profesjonalisert oppsetjing av eit skodespel frå Fjordheimen. Dette arbeidet tok vi for alvor fatt i i 2024, og denne gongen i samarbeid med Nærøysfjorden Verdsarvpark. I prosjektplanen legg vi opp til ei turneveke med musikal i kvart av delområda hausten 2025. Dei berande rollene vert spela av nokre få frå verdsarvstiftingane og i tillegg innleigde amatørskodespelarar og musikarar. I tillegg legg vi opp til at elevane på skulane skal vere delaktige i mindre roller og songnummer.



*Hausten 2024 fekk vi spela inn alle songane til musikalen frå Fjordheimen. Innspelinga gjekk føre seg i eit koseleg studio i Lærdal (eldre ungdomshus).*

I fase 1 av dette prosjektet har vi gjennomført tre arbeidssamlingar. Dei to fyrste med stort fokus på produksjon av tekst og musikk. Alle tekstar til skodespel og songnummer er originalskrivne, og det same gjeld for musikken. I november spelte vi inn all musikken i studio i Lærdal. Musikken er innspela i full versjon og med singback. Tanken er at elevane/skulane skal få tilgang til dette materiale slik at dei kan øve inn sine songnummer på førehand. I tillegg har vi tenkt at heile musikalen skal utformast som ei verktøykasse der skulane i kvart delområde i ettertid får tilgang på alt av materiale: kostymar, kulisser, tekstar, notar, musikk. Slik kan dei sjølve i ettertid setje opp musikalen.

I fase 1 har vi også kome så vidt i gang med arbeidet med kulissar. Her har vi inngått samarbeid med Tore Bjørnstad i firmaet Dejawood. Vi har samarbeidd med han tidlegare,



og han kan vise til ein god cv når det gjeld kulissar og rekvisittar for fleire musikaloppsettingar.

Vi har også kome i gang med å planlegge kostyme, og har gjort nokre avtalar om syarbeid.

Musikalarbeidet er og blir ei stor satsing for oss, og vi legg inn vesentlege ressursar. Vi legg stor vekt på at skulane skal få vere med på ei «profesjonell» framsyning, og at dei skal få tilgang til solid materiale i etterkant. Det er dei som skal ta vare på verdsarven i framtida.

Vi fullfører prosjektet i fase 2 i 2025, og gleder oss stort til turnevekene i dei to delområda.



*Frå innspelinga til musikalen frå Fjordheimen.*



### 2.11 Forprosjekt barneutstillinga Fjordheimen og implementering Fjordheimen på Geiranger skule

Vi har inngått eit samarbeid med Berit Barlaup i Artidesign i dette prosjektet. Ho kjenner opplegget godt, sidan ho tidlegare har vore involvert utstillingsdesignet til barneutstillinga og har illustrert boka om Gaute Gneis.

Prosjektet kom i gang våren 2024, og vi søkte og fekk tildelt ekstra midlar om hausten. Vi jobbar saman med Geiranger skule i prosjektet og ønskjer å plukke oppatt dei fine prosessane der elevane var medskaparar og såleis fekk eit sterkt eigarskap til både prosjektet og verdsarven. Gjennom hausten har vi hatt idemøte saman med både skulen og Berit Barlaup, og det vert spennande å sjå korleis Gaute Gneis & co kan prege skulegarden i Geiranger, og kva vi endar opp med å foreslå av fornyingar i utstillinga. I skrivande stund er vi i full gang med å realisere planane frå arbeidsverkstadane, og figurane frå Fjordheimen kjem til å prege skulegarden ved dekor på veggjar og leikeapparat. Leikarhuset vil bli Moder Mantel sitt hus, og på kjøkkenet får våre tre viktigaste mineral sin plass.



*Elevane på Geiranger skule var ivrige med i ideutviklinga då vi starta prosjektet med å implementere Fjordheimen på Geiranger skule. Under jobbar Berit Barlaup og medhjelpar med dekor på vinterveggen.*





*Innandørsutstillinga til Simon Wågsholm inneheld fleire sterke måleri og eit par installasjonar.*

## 2.12 Forprosjekt audioguide utstilling

Tidleg haust fekk vi gjennomført ein arbeidsverkstad og eit arbeidsopphald med Sandy Colvine frå Interpret Europe. Vi ønskjer å bruke formidlingsideane innanfor interpretasjon når vi lagar til ein audioguide for hovudutstillinga vår.

Vi har tidlegare nytta Colvine som instruktør på kurs innanfor formidling/interpretasjon, og har svært gode erfaringar med han. Det er òg ein styrke at han etter kvart kjenner både oss og området relativt bra.

Under opphaldet til Colvine arbeidde vi i fellesskap med tankekart og idear, før han har tatt dette vidare i moglege formidlingsløysingar knytt til utvalde område i utstillinga. Det er fokus på innhald – både knytt til historiske verdiar (natur og kultur), men mest av alt på å skape eit engasjement og at folk skal bry seg. Grunna andre prioriteringar for komande år (jubileumsår), greier vi ikkje å fullføre alt det påfølgande arbeidet og realisere audioguiding i utstillinga før i 2026.

## 2.13 Utstilling Simon Wågsholm

Simon Wågsholm har vore vår utstiltar gjennom store delar av 2024. Han starta tidleg på våren med å setje opp installasjonen «Sixty minutes of E-equilibrium». Den vart plassert på plenen utanfor kontorbygningen ved Norsk Fjordsenter og består av ei rekkje tømmerstokkar som er «stabla» oppå kvarandre. Verket set fokus på miljøavtrykket til oss menneske: Ein kubikkmeter med tre bind kring 250 kg med karbondioksid. Eit menneske produserer mellom 7 og 8 tonn CO<sup>2</sup> kvart år.

I gjennomsnitt får Geiranger besøk av 2200 menneske kvar dag. Denne installasjonen utgjør 3000 kg med tømmer. Dette er den mengda tømmer som må til for å lagre desse menneska sitt CO<sup>2</sup>-avtrykk i ein time. Dermed skaper verket ei førestilt motvekt til desse menneska sitt klimaavtrykk for ei kort stund.

«Sixty minutes of Equilibrium» er eit skulpturelt verk som lagar ein visuell referanse til ein abstrakt talverdi. Målingar og tal knytt til klimaavtrykk og



menneskeleg aktivitet er vanskeleg å førestille seg. Dette arbeidet prøver å vise desse verdiane tydelegare i ei konkret mengde materiale, som med litt fantasi kan gongast opp for å gje eit bilde på eit døgn, en veke eller eit år.

Verket er sett saman av materiale frå kommersiell skogsdrift. Materialet løftar òg fram debatten om berekraftig utnytting av ressursane.

Det har vore interessant å observere kor stor interesse dette verket har fanga. Installasjonen inviterer folk til å klatre, balansere og sitje på han, og både born og vaksne har lete seg lokke til det.

Vi har òg lagt merke til at mange har lese introduksjonen til dette verket.

Wågsholm har i tillegg hatt utstilling i «Spissen» på Norsk Fjordsenter. Her har han presentert ei utstilling med måleri, men i tillegg eit par installasjonar: Ein ulv i tre og ein liten sommarfugl i tre, presentert mot vindauget i fronten av rommet. Utstillinga har tittelen «Imprints»:

“With great power comes great responsibility”. Si-  
tatet er best kjent får Marvel sin fyrste Spiderman-

film. Der er det ei åtvaring Peter Parker får frå on-  
kelen sin. Opphavelg kjem utsagnet frå den  
franske forfattaren Voltaire.

Den tekniske utviklinga har gjeve oss menneske  
moglegheiter til å endre omgjevnadane våre per-  
manent – slik sett har vi blitt like mektige som  
naturkreftene.

Element som vatn og is brukte millionar av år på å  
forme fjord og fjell, medan vi på kort tid kan setje  
djupe avtrykk i landskap og natur. Mange av  
avtrykka vi lagar og konsekvensane av dei er lette  
å sjå. Andre kan gå under radaren i årevis, før  
konsekvensane av desse avtrykka ikkje lenger kan  
ignoreras, og kanskje er det ikkje lenger mogleg å  
bøte på skadane.

Gjennom arbeida sine har kunstnaren Simon  
Wågsholm ulike tilnærmingar til desse  
problemstillingane. Ulike typar arkivfoto gjev  
utgangspunkt for ei rekkje måleri som handlar om  
korleis landskapet og naturen vert endra på ulike  
måtar i eit historisk perspektiv. Dei to skulpturane  
reflekterer kring menneska sin interaksjon med og  
haldning til villdyra og insekta som finst i naturen  
ikring oss.

Vi er svært glade for å ha hatt Simon Wågsholm

som utstillar hos oss i  
2024. Tematikkane hans  
passar svært godt inn i  
forhold til verdsarven.



*Frå monteringa av Simon  
Wågsholm sin installasjon  
ved Fjordsenteret.*



*Installasjonen som Simon Wågsholm sette opp ute inviterte til at små og store klatra og bevega seg på han.*

#### 2.14 Installasjon skuleelevar og Hanne Åmli

Vi har hatt samarbeid med Hanne Åmli i eit par år tidlegare, og har saman med henne gjennomført gode elevprosjekt knytt til kunst og geologi. Eit synleg resultat av dette vart verket «Meta morph» som er ein installasjon som illustrerer dei geologiske prosessane i jordskorpa med falding og skyving, prosessar som har vore med å forme verdsarven Vestnorsk fjordlandskap. Verket er sett saman av skulpturar av brent leire – forma av elevane, men komponert saman i installasjonen av Hanne Åmli.

For å løfte verket endå eit hakk, gjorde hanne Åmli ein ekstra jobb våren 2024 og monterte inn ein del med litt anna farge. Dette skulle illustrere «Kallen» i Kallskaret. Slik fekk verket endå eit moment som knytte det til vårt område.

Verket er plassert ved inngangen til areala til besøkssenteret, og det passar godt at det er barn og unge som står bak denne velkomsten til verdsarven.

*Stolte elevar saman med kunstnaren Hanne Åmli (grøn jakke) og ordførar Einar Arve Nordang, Stranda kommune, etter formell opning av kunstverket Meta Morph.*





*Høyløa i Øyane ferdig med risveggar på tre sider. Godt elevarbeid!*

### 2.15 Kulturdag for Fjord kommune

Vi set pris på at vi også i år vart spurt om å bidra med eit friluftslivopplegg inn i kulturdagen for Fjord kommune, og eit opplegg for elevvar i 1.-4. klasse. Restaureringshandverkar og formidlingsleiar stod for opplegget vårt denne dagen, og hovudaktiviteten var å lære å lage risvegg. Vi hadde gjort avtale med grunneigar Sissel Eva Peterson, og fekk bruke ei gammal grindløe i Øyane i Eidsdal. Dette var heilt ideelt, og samstundes fekk restaureringshandverkar også retta opp bygget litt. Grindløa ligg i eit område elevane ved Eidsdal skule òg brukar ein del til utflukter, og i tillegg er her aktiv beitedrift med sau.

Tilbodet var svært populært, og vi fekk dagens største gruppe med elevvar på vårt opplegg. Det var ein strålende vårdag, så forholda var ideelle for å

vere ute. I tillegg til sjølve arbeidet med å lage risveggen og lære litt om denne tradisjonen og byggjemåten, hadde vi litt leikaktivitet, og sjølv sagt laga vi bål ved ein liten bekk og grilla pølser og kosa oss. Ein svært kjekk dag for både små og store!



*Fornøgde elevvar etter ein intens dag med å lære å byggje risvegg.*



## 2.16 Kartlegging kveik – genmateriale lokale bryggjetradisjonar

Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga står bak eit prosjekt der målet er å sikre og formidle kulturarven om ølbrygging i verdsarvområdet Geirangerfjorden. I området finst det rike tradisjonar for ølbrygging, og kjerneaktiviteten i denne fasen har vore å finne og sikre historiske prøvar av kveik-gjær og nye levande kveik-gjær prøvar der det framleis er ein nedarva ølbryggingstradisjon.

Arve Nyttun, rådgivar/arkeolog – forskning- og formidlingskoordinator frå kulturavdelinga i fylkeskommunen, har hatt hovudansvaret for prosjektet. Han har arbeidd tett saman med Hans Geir Eiken, seniorforskar frå NIBIO, og Atle Ove Martinussen, Vestnorsk kulturakademi. Vi har bidratt inn i prosjektet med tilrettelegging lokalt, kontakt med grunneigarar, transport og andre praktiske ting. Kulturvernformidlar deltok på eit par av ekskursjonane med prøvetaking. I løpet av ei veker tid var karane innom Ytste Åkneset og Matvika, Blomberg og Ospahjellen. I tillegg besøkte dei fleire gardar/personar i Geiranger. Det er både omfattande og kostbart å få analysert alle prøvane. Ein har tidlegare funne svært gammal ølgjær frå området, så det vert svært spennande om ein no finn endå meir. Kanskje kan dette gje grunnlag for eit eige arrangement med brygging på gamlemåten og ølsmaking? Tradisjonen står i alle fall sterkt i bygdene våre og er vel verdt å ta vare på.



*Dei to entusiastane Hans Erik Eiken og Atle Ove Martinussen var sterkt delaktige i jakta på å finne gammal kveik i verdsarvområdet.*

## 2.17 Lansering av ny film i kinosalen

Våren 2024 kunne vi endeleg lansere den nye, flotte filmen til Åsta Skjervøy i kinosalen. Filmen har vore ferdig ei tid, men fungerte ikkje med den gamle løysinga vår med fleire projektorar. Med nytt materiale på plass kunne vi endeleg vise fram denne flotte filmen som er ei rundreise i verdsarvlandskapet gjennom årstidene. Åsta har oppsøkt mange delar av verdsarvområdet i

arbeidet sitt, og slik er denne filmen i stor grad med å vise eit representativt bilete av området. Ved sida av det geologiske, storskala landskapet, finn vi òg vakre scener frå kulturlandskap og microlandskap, og vi får eit glimt av det biologiske mangfaldet. Her ser vi det vesle i det store, og det store i det vesle. Ein vakker og stemningsfull film som vi er svært stolte av!



## 2.18 Arrangement

Vi har sjølve stått for nokre arrangement, og elles vore delaktige i andre gjennom året. Nokre planlagde arrangement vart avlyste.

### 2.18.1 Foredrag med Oscar Puschmann

Oscar Puschmann frå NMBU på Ås har dei siste par åra vore i området vårt ved fleire høve for å refotografere landskap. Arbeidet er ein del av prosessane med å synleggjere endringar i landskapet, også positive, som .t.d. knytt til effektar av kulturlandskapsmidlane. Men også i eit historisk perspektiv er det interessant og lærerikt å sjå korleis landskapet har endra seg. Fotoa gir grunnlag for å reflektere over utviklinga som har vore, både den delen vi ikkje kunne rå mykje med (naturskapt), men òg dei endringane vi menneske har stått for.

Grunnlaget for re-fotografering er at ein har gode nok, og aktuelle, foto frå tidlegare tider. Dette treng ikkje nødvendigvis vere svært gamle foto. Knytt til effekten av kulturlandskapsmidlane er det nok å ha foto frå før 2006-2007.

I samband med dette arbeidet arrangerte vi møte i både Geiranger og Valldal i tilknyting til lyskunstfestivalen. Puschmann presenterte foto,

fortalde om arbeidet, og viktig mål var også å få tilgang til nye, aktuelle foto. Dette danna grunnlag for ein ny runde med re-fotografering sommaren 2024.

### 2.18.2 Opning av kunstutstillingar

I år valde vi å opne kunstutstillingane til Simon Wågsholm, og installasjonen «Meta Morph», laga av skuleelevar og Hanne Åmli, i eit felles arrangement på dagtid i slutten av mai. Samtlege elevar som hadde vore med i arbeidet med «Meta morph» vart inviterte til opninga, kring 130 elevar totalt frå skulane i Geiranger, Sunnylven, Eidsdal og Valldal. Ordførar Einar Arve Nordang stod for opninga. Elevane frå Sunnylven skule bidrog med musikalske innslag, og Simon Wågsholm og Hanne Åmli fortalde litt om sine verk, arbeidet og tankane som låg bak.

Geolog Deta Gesser frå Høgskulen på Vestlandet held eit svært godt foredrag om geologi og landskapsdanning der ho òg engasjerte elevane gjennom enkle aktivitetar.

For Simon Wågsholm si utstilling la vi også opp til «kunstnartreff» på ettermiddag/kveld, men diverre kom det lite folk då.



Frå fellesopninga av installasjon/kunstutstilling til Simon Wågsholm, og installasjonen til Hanne Åmli og elevane.



### 2.18.3 Fosseløpet

Fosseløpet vart arrangert i samarbeid med Geiranger IL våren 2024, og gjekk etter same mal som tidlegare. Dette er fyrst og fremst eit sosialt og kjekt mosjonstiltak som samlar lokalbefolkning, særleg born, i dei nærmaste bygdene til Geiranger.

I år deltok over 39 stykke, litt færre enn året før, men vi ser at Fosseløpet har blitt ein tradisjon som mange vil ha med seg. Vilja Fuglem frå Valldal IL sneik seg så vidt til ny rekordnotering for damer, 2 sekund raskare enn den gamle rekorden.

Rekordane er dermed 3.01 for jenter/damer (Vilja Fuglem i 2024) og 2.12 for gutar (Martinus Rønneberg i 2017). Fosseløpet vart fyrste gong arrangert i 2014.



Glimt frå Fosseløpet 2024.

Foto: Willy Fredheim.



### 2.18.4 Fellestur til Torvløysa – bursdagen til Vestnorsk fjordlandskap

I samband med Vestnorsk fjordlandskap sin bursdag, arrangerte vi fellestur til Torvløysa. Kring 10 personar deltok. Turen gjekk på ein flott søndag midt i juli, og formidlingsleiar Merete var turleiar saman med sonen Jobjørn Rønneberg.

Vi starta frå Herdalssætra og gjekk ruta via Stansen og egga til toppen. Fyrste del i seig stigning før vi traverserer terrenget ut mot Stansen. Vidare stig det jamt, men likevel meir variert, og ryggen smalnar av mot ei eksponert egg før vi når topplatået. Egga er ikkje teknisk vanskeleg, men er luftig nok til at fleire fekk utfordra høgdeskrekken. Utsynet er makelaust etter kvart som vi kjem høgare opp, og turen gir eit flott oversyn over imponerende landskapsformer danna av isbrear og elvar over fleire tusen år. Torvløysa er det høgaste fjellet i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med sine 1851 moh.

Frå toppen gjekk vi neddatt normalruta via Daurmålsfjellet, Innsetsætra og Rellingsætra. Ein liten delegasjon sprang i førevegen ned setreråsa frå Innsetsætra for å hente bilane på Innset oppatt på Rellingsætra. Desse årlege fellesturane gir moglegheit til å bli betre kjent med verdsarvområdet, og vi prøver å gjennomføre så sant vêrgudane ikkje er for vrange.

Tradisjonen tru opna vi naturstien på Fjordsenteret i tilknytning til bursdagen vår.

### 2.18.5 Verdsarvgudsteneste på Kleivahammaren

Sidan oppstarten av verdsarvgudstenestene har Verdsarvstiftinga bidrege i programmet. I år var gudstenesta lagt til Kleivahammaren i Eidsdal 2. pinsedag, ein solskinsdag der mange tok turen til setra. Professor i friluftsliv ved Høgskulen i Volda, Helga Synnevåg Løvoll held etter gudstenesta eit interessant innlegg om friluftsliv, verdiar og mogelegheiter. Verdsarvstiftinga hadde laga til natursti, dels med praktiske oppgåver knytt til naturkunnskap.



### 2.18.6 Målekurs med Regina Fee

Regina Fee er utdanna kunstnar. Ho har arbeidd ved besøksenteret dei siste åra, men i seinare tid har ho plukka framatt kompetansen sin som kunstnar. I løpet av 2024 har ho i samarbeid med besøksenteret arrangert 2-3 målekurs der det har vore ope for alle. Dette har særleg vore populært mellom sesongarbeidarane, og har også blitt ein fin arena for å treffast, bli betre kjende med kvarandre og knyte sosiale relasjonar – også viktig i eit lite bygdesamfunn.

### 2.18.7 Andre arrangement

Følgande arrangement er omtala i andre delar av rapporten:

- Festspela i Geiranger
- Geiranger lyskunstfestival
- Eige bygdearrangement knytt til prinsesse Märta Louise og Durek Verrett sitt bryllaup.
- Bevaringskonsert for Notnaustet. Med Ingrid Olava m/band som artist.
- Bygdepubar i Geiranger
- Julemarknad i Geiranger
- Bygdemøte i Geiranger



*Ein stolt og fornøgd gjeng med born som fekk lage sin eigen fest som prinsesser og prinsar saman med dyktige og profesjonelle instruktørar.*

*Foto: Katrin Blomvik Bakken.*



### 3.0 Naturvenleg tilrettelegging

#### 3.1 Revidering av skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap

Det er ein del år sidan sist skiltmalen for Vestnorsk fjordlandskap har vore revidert. Sidan den gong er m.a. vårt verdsarvområde implementert i den nye merkevara for nasjonalparkar, utvikla av Miljødirektoratet i samarbeid med dei autoriserte besøkssentera. Nærøyfjorden Verdsarvpark har brukt noko meir tid på oppdatering av sine informasjonstavler enn vårt område, og for å få tilfredsstillande biletmateriale frå begge delområda, har vi venta med å oppdatere den felles malen vår til no.

Målsetjinga med malen er å få på plass eit felles rammeverk og ein eins praksis for:

- Korleis:
  - rydde og merke turstiar og ruter.
  - skilte turråser og turruter.
  - utforme og setje opp informasjonstavler.
  - utforme og setje opp andre typar skilt.
- Korleis skilting kan samordnast. Dette gjeld m.a. skilting knytt til nasjonal turiststi, historiske vandreruter, føringar frå kommunane og andre ting.

Det ligg som ein premiss at vi skal forhalde oss til nasjonale retningslinjer for merking og skilting, jamfør merkehandboka. I tillegg skal arbeidet

harmonisere med Miljødirektoratet sin designmanual for nasjonalparkar.

Vi legg opp til at malen skal vere eit hjelpemiddel for denne typen arbeid i heile verdsarvkommunane. Å gjere ting på ein eins og heilskapleg måte vil vere eit godt hjelpemiddel for brukarane, anten det er fastbuande eller tilreisande.

Malen skal vere eit levande dokument og må oppdaterast etter kvart som det vert utvikla nye skilttypar, eller at somme typar skilt går ut. Skiltmalen vart vedteken av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap hausten 2024.



*På veg til Skagedalen for å montere opp nye skilt.*



### 3.2 Fornyng av opplysingsskilt

I samband med oppdatering av skiltmalen, oppdaterte vi òg ein del informasjons- opplysnings- og forbodsskilt i tråd med Miljødirektoratet sin designmanual for nasjonalparkar. Dette gjeld m.a.:

- Opplysingsskilt – Lat att grinda
- Forbodsskilt – Ingen camping
- Forbodsskilt – Mot å gjere opp eld i utmark.

For nokre av desse var lageret vårt tomt, og fleire grunneigarar etterlyste skilt tidleg sommar 2024. Denne skilttypen tilbyr vi gratis til grunneigarar/ andre rettighetshavarar slik at dei kan montere opp skilta på stader der dei ulike problematikane gjer seg gjeldande. Skilta skal ikkje monterast i strid med føringane i Friluftsløva.

Etter kvart som det vert behov, vil vi få produsert opp fleire av skilttypane vi no har implementert i malen. Likeins er det naturleg at vi skiftar ut gamle skilt som ikkje er etter malen når dei med tida vert meir utslitne. Ut frå stoda i dag, ser vi det ikkje aktuelt å skifte ut relativt nye skilt som følgjer gammal mal. Mest fordi dette er lite berekraftig økonomisk, og vi veit det lett fører med seg reaksjonar lokalt når ein «sløser».

### 3.3 Istandsetjing øydelagde informasjonstavler

Nokre av informasjonstavlene ved viktige innfartspunkt har blitt knuste. Årsakene er ulike, men berre ei tavle vert omfatta av forsikring. Vi produserte oppatt tavlene i 2023, seint på sesongen. Dei vart monterte oppatt så tidleg vi klarte det ut frå snøforholda i 2024. Arkeoplan stod for dette arbeidet.

Dette gjeld følgjande informasjonstavler:

- Herdalen i Norddal
- Fjørå sentrum
- Klovset i Valldal

### 3.4 Tilretteleggingstiltak råser Kilsti i Eidsdal

Kilstiområdet med Kilstivatnet og -setra, Blåhornet og fjordgardane på Ospahjellen, i Verpesdalen og på Skrenakken er det mest attraktive friluftsområde i Eidsdal. Så å seie heile dette området ligg innanfor grensene til verdsarvområdet. Unntaket er sjølvve tilkomsten opp frå Gjerdeneset (parkeringsplassen) og råsa på søraustsida av Blåhornet. Her er òg den største slitasjen og behovet for tiltak er mest påkrevd.

Seinsommaren 2023 hadde vi synfaring med grunneigarar, idrettslaget og Bygdesørvis. Målet var å bli samde om kva tiltak som bør gjerast og komme i gang med ein fyrste fase. Under denne synfaringa vart det òg påpeika at behovet for toalett ved Kilstivatnet er sterkt. Her er eit viktig beiteområde, særleg for geiter, men òg for sauer og kyr, og kulturlandskapet har store kvalitetar.

Det vart starta med grundig veiting i området ved Gjerdeneset hausten 2023. I 2024 har Eidsdal Bygdesørvis helde fram arbeidet med enkel tilrettelegging oppover mot Blåhornet. Frå båtstøa ved Kilstivatnet er råsa til Blåhornet, Flåna og Ospahjellen lagt om slik at ho no går lågare nede. Slik unngår vi å krysse myra der gjørme har vore ei stor utfordring, og vi unngår å gjere tiltak i myra.

Også høgare oppe er det gjennomført veiting og noko steinsetjing for å utbetre tilkomsten. Forholda har blitt vesentleg betre, men vi bør truleg gjennomføre noko meir arbeid med steinsetjing i det brattaste partiet opp mot Blåhornet og kanskje på nokre korte strekningar elles. Det viktigaste er å unngå vidareutvikling av tendensane vi allereie ser – at råsene vert breiare og breiare i våte og krevjande parti. Vi vil sjå an dette litt til, men på sikt vert dette mest truleg sherpaarbeid og steintransport med helikopter. Vi er samstundes klare på at tilrettelegginga skal haldast på eit nøkternt nivå.



*På Kilsti har vi lagt om  
råsa for å unngå eit  
parti med myr.*

### 3.5 Tilrettelegging snarvegane i Holebygda i Geiranger

Vi har over tid gjort tiltak for å få fleire av dei gåande bort frå hovudvegen og inn på den gamle kløvstien og snarvegane oppover Holebygda når dei vil gå til Flydalsjuvet. I 2023 fekk vi rydda kløvstien vidare oppover frå tunet til Tor Hallgeir Hole, og lage ein tilførselssti slik at folk kom oppatt på hovudvegen, men unngjekk å nytte den smalaste etappen på vegen. I meldingsåret sette Eidsdal Bygdesørviss opp gjerde langsmed kløvstien på strekninga ved eigedommen til Tor Hallgeir Hole. Tiltaket er gjort for å verne om privat eigedom i eit område med svært mykje ferdsel.

I løpet av 2024 har vi gjennomført tilretteleggingsarbeid med steinsetjing på den resterande delen av kløvstien og snarvegane elles frå Vinje camping og opp til garden til Tor Hole. Dette omfattar:

- Utbetring av «Maurvegen» med steinsetjing og rekkverk i tråd med lokal tradisjon (sjå kap. om restaurering frå Skageflåråsa og Storsæterfossen). Her


var det tidlegare dels sleipt å gå med sva-berg utan gode tak, og fleire høge opptrinn.

- Utbetring av nedste del av Sandura, også her med meir steinsetjing og rydding i underlaget.
- Samankopling med kløvstien i nedste del av partiet (sjå kap. under restaurering).

Arbeidet er gjennomført av Sandal Anleggsgartnar frå Volda.

*Tilretteleggingstiltak i "Maurvegen" med steinsetjing og rekkverk.*





*Parti frå kløvstigen like ovanfor Vinje camping. Her er det gjort reperasjonsarbeid og rydda opp i steinsetjinga.*





### 3.6 Naudtiltak råsa til Homlungsætra og naudtiltak i Skagehola

Råsa mellom Homlung og Homlungsætra er ein del av den populære turruta mellom Skagehola via Skageflå til Homlung. Midt i sommaren fekk vi varsel om at det var skade på oppmuringa i eit parti på råsa. Nærmare ettersyn viste at steinsetjinga her var i ferd med å kollapse. I fyrste omgang sette vi opp skilt som gjorde folk merksame på at dei måtte vere ekstra varsame ved passering i dette partiet, men vi fekk også Sandal Anleggsgartnar på plass i løpet av eit par dagar. I samband med reparasjonsarbeidet stengte vi råsa i vel ei veke.

Sandal karakteriserte arbeidet som krevjande og noko eksponert. Skogen i området tek bort ein del av denne verknaden, men avstanden til stupkanten er ikkje lang her, og det var naudsynt å etablere ein standplass for å ha ein relativt trygg plass å jobbe frå. Heldigvis respekterte dei fleste stenginga, og vi er godt nøgde med arbeidet til Sandal og at vi fekk opna oppatt såpass fort.

Sommaren 2024 hadde vi også eiulukke i Skagehola. Ein ung og sprek kvinne snubla/sklei

like etter ilandstigninga frå sightseeingbåten og fall om lag 3 meter ned på svaberget/nokre steinar i fjøra. Ulukka var eit hendeleg uhell, men det førte til at vi tok ein ekstra gjennomgang på sikringstiltaka der ute. Desse var tilfredsstillande, og truleg held ikkje kvinna i «rekkerket» då ho fall. Vi har tidlegare engasjert Eidsdal Bygdeservice for å montere ein stram wier som fungerer som eit rekkverk folk kan halde seg i dei siste meterane før/etter ilandstigning. Wieren vart no stramma ytterlegare opp, og det vart lagt til to nye festpunkt i fjellet ovanfor. Dette som ei ekstra sikkerheit.

Vi er elles klare på at det vil vere umogleg å sikre alle stader. Uhell kan skje, og i fyrste rekkje er det opp til turfolket sjølve å ta sine førehaldsreglar og vere varsame. Likevel gjer vi nokre ekstra tiltak på dei rutene som er mest brukt. Her finn vi òg mange urøynde friluftsfolk, og vi legg vekt på å førebyggje ulukker, informere og byggje opp kompetanse gjennom ei rekkje tiltak som vi driv årleg.



*Sandal-karane i gang med naudtiltak på råsa mellom Homlung og Homlungsætra. Her var råsa i ferd med å kollapse.*



### 3.7 Nasjonal turiststi Fosserråsa

Fosserråsa var den fyrste som fekk autorisasjon som Nasjonal turiststi i 2019. I 2024 stod vi såleis framfor ein prosess med **re-autorisering**. Det er i hovudsak verdsarvstiftinga ved formidlingsleiar som har stått føre dette arbeidet, men arbeidsgruppa har vore involvert der det har vore nausynt.

Arbeid som vart gjennomført knytt til re-autoriseringa:

- Revidering av besøksstrategien
- Ny sårbarheitsanalyse for heile Fosserråsa. Arbeid gjennomført av Miljøfaglig utredning ved John Bjarne Jordal.
- Besøksundersøking. Internship frå universitetet i Bonn fekk hovudansvaret for denne undersøkinga. Fleire av fjordrangerane vart involverte i det praktiske arbeidet med gjennomføring. Funna frå undersøkinga synte at brukarane er svært godt nøgde med tilrettelegginga på stien og opplevingane knytt til stien. Det var stor grad av samsvar mellom resultata i denne undersøkinga og besøksundersøkinga frå 2022 (gjennomført av masterstudent frå NMBU).
- Oppdatering av Risiko- og sårbarheitsanalyse – plan for trygg ferdsel. Analysen tek for seg moglege ulukker som kan skje i tilknytning til stien, vurdere sannsyn og konsekvens. I tillegg er det utarbeidd ein handlingsplan for korleis førebyggje ulukker og korleis opptre dersom ulukka er ute.
- Erfaringsskriv – 5 år som Nasjonal turiststi. Vi har gode erfaringar med ordninga Nasjonal turiststi. Både det faglege nettverket med samlingar, informasjonsutveksling, drøftingar og innlegg av solide ressursar på fleire felt, har gitt oss mykje. I tillegg er dei økonomiske tilskota av svært stor betydning. Utan desse ville vi

ikkje vore i stand til å ta mange av dei viktige løfta knytt til tilrettelegging for naturvenleg ferdsel.

Fosserråsa vart re-autorisert som nasjonal turiststi i desember 2024.


Det er no 6 nasjonale turiststiar i Noreg:

- Fosserråsa. Fyrst autorisert i 2019. reautorisert i 2024
- Preikestolen. Autorisert 2020.
- Kjerag. Autorisert 2020.
- Trolltunga. Autorisert 2021.
- Besseggen. Autorisert i 2023.
- Rødøyfjell. Autorisert 2024.

Klima og miljødepartementet legg opp til at ein kan autorisere inntil 15 stiar. Dei skal ha geografisk spreing, ha ulike vanskegradar og ulike kvalitetar.



*Det er gjort utbetringsarbeid på gjerdet ned til fossefallet Storsæterfossen.*



*Ferdig gjerde under Storsæterfossen t.v. og Sandal-karane i ferd med siste innspurt på gjerdet t.h.*

Felles for dei alle er at dei skal ha eit høgt tal internasjonale besøkande, og vere gode døme på ivaretaking av natur, samstundes som omsynet til dei besøkande vert ivaretatt. Ordninga skal bidra til trygg ferdsel og høg kvalitet på informasjonstiltak og tilrettelegging. Tilrettelegginga skal likevel ikkje vere meir omfattande enn naudsynt.

Når det gjeld **dei ordinære prosjektmidlane**, har hovudfokuset i år vore på **tryggingstiltak ved Storsæterfossen**. Det har vore litt ulike tilrådingar frå ulike fagmiljø på kva som bør gjerast oppe ved fossefallet, men dette kan ikkje lamme handlingsevna. I år vart det gjennomført spettreinsk i fjellhammaren ved sida av fossefallet, og ovanfor stien som går ned til fossen. Vertikalservice stod bak dette arbeidet.

I tillegg tok vi att alt av gjerde langs stien ned til fossen, oppe på plataået og på ei kort strekning ved eit berg like ovanfor innmarka på Vesterås. Sikkerheit er målsetjing nummer ein. I tillegg ønskte vi heilskapleg utforming av gjerde. Løysinga vart å leite fram att erfaringa frå den fyrste gjerdinga. Opphavlege vart det nytta mineborar som gjerdestolpar. Desse stolpane har nok over tid halde seg best. Ei viktig årsak er truleg at jarnet er gjennomgåande, medan nokre av dei seinare løysingane har hòle stolpar. Det kan synest som desse er meir utsette for frostsprenging.

Dei nye stolpane er handsmidde av ein ung smed frå Volda som arbeider i Sandal Anleggsgartnar. Som handlist har vi valt å bruke original type. Den gong brukte dei gamle vassrøyr. No nyttar vi aluminiumsrøyr.



Som del av gjerdet ned og bakom fossefallet er det montert netting som er festa stramt mot berget i underkant. Dette er gjort på det mest eksponerte partiet og skal hindre at (særleg) born kan skli under gjerdet og falle i fossen.

Det er elles gjort noko enkel utbetringar på steinsetjinga ned til fossefallet. Hovudsakleg korrigeringar etter slitasje. Vi har vore medvitne på at standarden på denne aller siste etappen ikkje skal hevast. Det er ikkje eit mål at flest mogleg skal gå ned og bakom fossefallet.

Elles har vi følgd opp arbeidt for å få etablert **parkeringsplass i Holebygda** (viser til årsrapporten for 2023). Arbeidet må samordnast med Stranda kommune sitt arbeid for å etablere vassreservoar for Geiranger. Dette er tenkt i om lag same område som vi ønskjer parkering etablert. På tampen av 2024 måtte vi få på plass ekstra vurderingar og teikningar av alternative vegløyser opp til «Skogane». Nordplan er innleigd av Stranda kommune til dette arbeidet, og vi har delteke i fleire møte med kommunen for å drøfte løysingane. Vi satsar på at vi greier å lande ei løysing som tilfredsstiller alle partar, og at ein kan komme i gang med reguleringsplan i 2025.

Fordi det drog ut med fleire av dei andre delprosjekta knytt til Fosseråsa, og fordi det var usikkerheit kring kor mykje av budsjettet desse ville krevja, avventa vi å få på plass midlertidig **toalett på Vesterås** til sesongen 2024. På haustparten vart det derimot arbeidd vidare med planane om permanent toalett på Vesterås, basert på tilrådingane frå Asplan Viak. Ni ulike plasseringar av toalett er vurderte, men berre to av desse er foreinlege med omsyn til skredfare, konsekvensanalyse for verdsarven og omsynet til inngripen i kulturlandskapet. Grunneigarane ønskjer at publikumstoalett vert bygd inn i grunnen, under parkeringsplassen. Løysinga vil i så fall bli heilt skredsikker og ho vil ikkje prege landskapet. Det er uansett krevjande å komme i mål med prosjektet, men dersom det meste går etter planen, kan vi komme i gang (og vonleg fullføre bygginga) hausten 2025.

Før prinsessebryllaupet i august **grusa vi oppatt fleire parti i Fossevandringa**. Her er overraskande stor slitasje, og erfaringane tilseier behov for grusing kvart 2-3 år.

Sommaren 2024 hadde vi som vanleg **vertskap** på Fosseråsa. Dette fungerte greitt, men vil framleis vere eit tiltak vi må vidareutvikle og prøve å gjere endå betre. Dette året var det 4-5 ungdommar som delte på jobben. Nokre av dei jobba òg litt som råsryddarar. Erfaringane så langt er at det er bra med litt eldre ungdom til vertskapsfunksjonen. Vi ønskjer svært gjerne ungdom med lokal tilhøyrighet, eller som kjenner området bra.

*Sesongens råsryddarar og vertskap Fosseråsa i gang med grøfterens i Mørkja. Nødvendig, men hardt arbeid.*





I 2023 vart det sett opp **teljar i øvste del av Fosseråsa**. Teljaren er lokalisert nært Liastølen. Samla sett er det litt lågare besøkstal i 2024 sett i forhold til året før.

**Resultat for besøksteljar i Fossevandringa: Tre teljarar: I nedre del (Fossevandringa), midtre del (Mørkja) og i øvre del (Liastølen) – sjå tabellar på neste side.**

Teljarane tel passeringar både oppover og nedover. Berre summen av passeringar er tatt med i oversynet. Generelt er det om lag like mange som går oppover og nedover på dei ulike etappane. Dette betyr ikkje nødvendigvis at dei same personane passerar teljarane både oppover og nedover. På nedste del, Fossevandringa, er det mange som òg vil ha med seg kyrkja, og difor går via hovudvegane anten opp eller ned. Brukarane av den midtre etappen, Mørkja, kan òg velje å gå via kløvstigen/snarvegane i Holebygda anten opp eller ned. Dette gjeld særskilt dersom dei òg vil ha med seg Flydalsjuvet.

I den øvste delen, Liastølen/Storsæterfossen, burde tala vere meir like enn dei er. Her er ei moglegheit for ein overgangstur til Herdalssætra i Norddal, men vi har vanskar for å tru at store mengder går denne turen då han er lang og krevjande (6-8 timar) og det krevst organisering av skyss.

| Fossevandring |         |         |         |         |         |         |
|---------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
|               | 2019    | 2020    | 2021    | 2022    | 2023    | 2024    |
|               | Sum     | Sum     | Sum     | Sum     | Sum     | Sum     |
| Januar        |         | 580     | 832     | 559     | 559     | 1 062   |
| Februar       |         | 796     | 791     | 963     | 963     | 4 986   |
| Mars          |         | 987     | 1 587   | 4 367   | 4 367   | 3 798   |
| April         |         | 833     | 1 123   | 4 270   | 4 270   | 4 827   |
| Mai           |         | 3 602   | 5 521   | 19 621  | 26 140  | 45 872  |
| Juni          |         | 15 312  | 10 705  | 51 593  | 67 911  | 55 697  |
| Juli          | 77 138  | 45 601  | 42 430  | 65 547  | 91 883  | 88 511  |
| August        | 61 802  | 20 245  | 22 873  | 57 411  | 84 014  | 75 342  |
| September     | 20 819  | 5 074   | 13 849  | 25 487  | 40 956  | 38 632  |
| Oktober       | 6 324   | 6 855   | 6 458   | 7 916   | 16 307  | 14 275  |
| November      | 1 840   | 1 364   | 2 328   | 2 317   | 1 833   | 2 221   |
| Desember      | 910     | 754     | 749     | 1 216   | 991     | 1 159   |
|               | 168 833 | 102 003 | 109 246 | 241 267 | 340 194 | 336 382 |

| Mørkja    |        |        |        |        |        |        |
|-----------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
|           | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   | 2023   | 2024   |
|           | Sum    | Sum    | Sum    | Sum    | Sum    | Sum    |
| Januar    |        | 188    | 207    | 244    | 201    | 97     |
| Februar   |        | 158    | 204    | 156    | 157    | 329    |
| Mars      |        | 350    | 401    | 512    | 218    | 1 030  |
| April     |        | 480    | 211    | 907    | 1 346  | 1 006  |
| Mai       | -      | 2 713  | 1 732  | 5 146  | 6 483  | 9 868  |
| Juni      | -      | 2 555  | 1 963  | 12 226 | 14 415 | 11 601 |
| Juli      | 12 470 | 9 071  | 7 521  | 17 007 | 22 340 | 21 216 |
| August    | 11 296 | 4 561  | 5 684  | 15 127 | 21 046 | 18 414 |
| September | 3 143  | 1 023  | 4 626  | 6 557  | 9 115  | 8 325  |
| Oktober   | 1 360  | 908    | 741    | 1 688  | 5 140  | 3 700  |
| November  | 297    | 305    | 403    | 475    | 332    | 339    |
| Desember  | 269    | 295    | 131    | 141    | 57     | 158    |
| Sum       | 28 835 | 22 607 | 23 824 | 60 186 | 80 850 | 76 083 |

| Liastølen |      |      |      |           |        |        |
|-----------|------|------|------|-----------|--------|--------|
|           | 2019 | 2020 | 2021 |           | 2023   | 2024   |
|           | Sum  | Sum  | Sum  |           | Sum    | Sum    |
| Januar    |      |      |      | Januar    | -      | 12     |
| Februar   |      |      |      | Februar   | -      | 92     |
| Mars      |      |      |      | Mars      | -      | 474    |
| April     |      |      |      | April     | -      | 725    |
| Mai       |      |      |      | Mai       | -      | 10 624 |
| Juni      |      |      |      | Juni      | -      | 12 924 |
| Juli      |      |      |      | Juli      | 24 186 | 23 179 |
| August    |      |      |      | August    | 21 597 | 19 419 |
| September |      |      |      | September | 9 924  | 8 354  |
| Oktober   |      |      |      | Oktober   | 3 402  | 3 265  |
| November  |      |      |      | November  | 155    | 235    |
| Desember  |      |      |      | Desember  | 10     | 47     |
| Sum       | -    | -    | -    | SUM       | 59 274 | 79 350 |

Starten på råsa ned til Fossefallet ved Storsæterfossen. Noko av steinsetjinga er korrigert, og rekkverket er utbetra.





*Råstryddarane på veg til Gomsdalen for å rydde. Ein av dei mest krevjande etappane kvart år.*

### 3.8 Råstrydding

Som tidlegare år har vi også i 2024 hatt tilsette råstryddarar som har rydda alle råser i Geiranger der vi har hatt grunneigaravtale. I tillegg vart det rydda fleire råser i Eidsdal og Norddal. Arbeidet har gått etter same mal som tidlegare, og det meste av arbeidet vart gjort av ungdommane Tobias Hagen Eide og Martin Eide. Begge var nett ferdige med 10. klasse i Eidsdal og er lokale. I tillegg var Knut Harald Reita og Wilma Gustavsson med og rydda nokre råser. Desse to arbeidde likevel meir som vertskap på Fosseråsa. Formidlingsleiar hjelpte til på einskildråser.

Vi er godt nøgde med arbeidet råstryddarane har gjort, og håper å få dei tilbake også komande sommar.

I bygdene utanom Geiranger skjer merking og råstryddararbeidet på dugnad i regi av frivillige lag

og organisasjonar. Stor honnør til alle som bidreg! I Geiranger vert det meste av merkingsarbeid gjort på dugnad. Ein særskild takk til Terje Rusten som over fleire år har hjelpt til mykje, også med å setje opp turpilar og turstikker i terreng.



## 4.0 Istandsetjing - kulturarven

### 4.1 Storfjordens Venner

Det er avtale mellom Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Storfjordens Venner om administrativ ressurs til foreininga. I 2024 tilsvarte dette om lag 15 % stilling, og arbeidet vert gjort utan vederlag.

Det er hovudsakleg administrasjons- og økonomileiar som utfører dette arbeidet.

Dei viktigaste oppgåvene utført i 2024:

- Planlegging, gjennomføring og etterarbeid styremøte og årsmøte.
- Deltaking på møte med fylkeskommunen.
- Sekretær for fleire arbeidsgrupper i Storfjordens Venner.
- Delta med planlegging og gjennomføring av Storfjordstemnet.
- Ta imot og svare på innspel og spørsmål frå medlemmar, grunneigarar, organisasjonar mv.
- Diverse rapportering.
- Arkivarbeid.

Formidlingsleiar sit som vara til styret i Storfjordens Venner. Ho er òg leiar for Jubileumskomiteen for 50-års jubileet som skal avviklast i 2025. Komiteen legg opp til ei rekkje markeringar gjennom heile året, og ein del av desse vert samarbeidsprosjekt med verdsarvstiftinga. Formidlingsleiar har vervet som privatperson, men noko av arbeidet kan leggst inn i arbeidstida.

### 4.2 Kulturvernforvaltar/ restaureringshandverkar på prestegarden i Norddal

Vi har no hatt eigen tilsett i denne stillinga frå august 2022, og er svært godt nøgde med dette. Restaureringshandverkaren vår har gjennom året bidrege på eller hatt ansvaret for fleire restaureringsprosjekt i området. Dette gir synlege resultat og er viktig for ivaretaking av kulturarven vår. Minst like viktig er den jobben han gjer med rådgjeving, tilstandsvurdering av bygg og kostnadsoverslag knytt til restaurering.

Grunneigarar og eigarar av kulturminne og andre personar har slik ein lokal ressurs med kompetanse til å vegleie og svare på spørsmål knytt til ivaretaking av kulturminne. Terskelen for å ta kontakt, særleg i uformelle samanhengar, vert vesentleg lågare, og vi erfarer at vi får fram langt fleire prosjekt enn utan denne ressursen.

Handverkaren vår er ung, men har god kompetanse og stor arbeidskapasitet. Vi har etablert eit samarbeid med Kåre Løvoll som har svært lang erfaring som restaureringshandverkar, og er ein autoritet på feltet. Slik ønskjer vi å sikre at vår tilsett har eit fagleg kontaktpunkt og ein vegleiar. Likeins har vi etablert tett kontakt med seksjonsleiar kulturmiljø og friluftsliv, Hilde Arna Tokle Yri.

Det er etablert verkstad i ein garasje på prestegarden i Norddal, og i våningshuset har vi kontor/møterom. Vi har ambisjonar om å etablere eit handverkssenter her på sikt – steg for steg, og planen er at vi gradvis får innreidd løa til ein funksjonell verkstad. Vi har byrja på dette arbeidet i 2024.

Diverre valde restaureringshandverkaren vår å seie opp stillinga si på slutten av 2024. Han har gitt svært gode tilbakemeldingar på sjølve arbeidsforholdet, men det er utanforliggende årsaker til at han no har valt å seie opp. Vi synest det er svært leitt å miste vår tilsett, men understrekar kor viktig vi meiner denne ressursen er, og at det må jobbast for å få på plass ein ny person, ev. vurdere anna organisering, så snart som mogleg. I denne samanhengen er samarbeidet med Storfjordens Venner viktig. Dei har bidrege for å få på plass denne stillinga, og nett som oss, ser dei behovet for å styrke slik kompetanse i området. Vi vonar såleis på framleis godt samarbeid med fylkeskommunen og Riksantikvaren for å sikre vidareføring av eit viktig arbeid.



#### 4.3 Restaureringsplan for Geirangerfjord-området

Restaureringshandverkar har laga ein istandsetjingsplan for Møllstunet som gir ei oversikt over behov for restaurering og ei prioritering av arbeidet. Planen var ferdig på tampen av 2023. Dette var fyrste ledd i å få på plass ein restaureringsplan for Geirangerfjordområdet, norddelen av Vestnorsk fjordlandskap. I Nærøyfjordområdet har dei hatt eit slikt planverk i fleire år, og har også vore gjennom ei revidering av planen.

Gjennom sommaren og hausten har vår restaureringshandverkar gjennomført ein god del feltarbeid, slik at han no har fått registrert og tilstandsvurdert ein heil del bygningar/kulturminne i vårt område. Dette vil vere ein viktig del av planverket. Arbeidet med planen må halde fram inn i 2025, slik at vi kjem i mål med ein fyrstegenerasjonsplan.



*Fjøs på Vinsås*

*Foto: Finn Thomas-Cooney.*

ei nyrestaurert labankdør i eine fjøsdelen. Elles ein del mindre reparasjonsarbeid. Arbeidet vart leia av vår restaureringshandverkar. Grunneigar Jon Erlend Vinje bidrog elles mykje i arbeidet. Bygget er òg eigd av Tore Bjørnstad.

#### 4.4 Løe i Flydalen

Det vart løyvd midlar til fase 2 i restaureringsarbeidet av Løe i Flydal i 2023. Arbeidet vart gjennomført i 2023 og 2024. Det er gjennomført restaurering av dører og istandsetjing av noko kledning på vegger. I tillegg noko meir på vindauge. Her er no montert takrenner i tre, slik at ein skal sleppe problema med sprutskader/vasskader. Vår restaureringshandverkar har stått for arbeidet. Grunneigar, Inger Line Flydal, har hatt mykje pirkearbeid med måling.

#### 4.5 Fjøs på Vinsås

Det vart løyvd midlar til fjøsen på Vinsås i 2022, og arbeidet måtte såleis gjerast no i 2024 for at tilsagnet ikkje skulle gå ut. Bygget er delt i to fjøsar. Delar av steinveggane hadde ramla saman og dette vart mura oppatt. Elles var det ein del roteskader og dårleg bordkledning. Begge betane i den eine fjøsdelen vart skifta ut. Det vart sett inn

#### 4.6 Nystove i Møllstunet

Prosjektet fekk tildelt midlar i 2022, og Stokk og Stein frå Lom gjennomførte hovuddelen av arbeidet i 2023. Sidan ein ikkje kom heilt i mål med arbeidet, vart det søkt om ekstra midlar, og siste rest vart ferdigstilt våren 2024. Også her har Stokk og stein vore utførande handverkarar. Vår restaureringshandverkar har gjort noko restarbeid med istandsetjing og innsetjing av vindauge.

Innlagt i dette prosjektet er òg reperasjon av bakstebordet og golvet i Masstova under Bøtelbruket. Dette arbeidet er gjort av vår restaureringshandverkar. Per Otto Solhaug er eigar av begge dei aktuelle bygga i Møllstunet.



*Restaureringshandverkaren vår sette i stand ei høyløe ytst på Skagen på Knivsflå.*

*Foto Finn Thomas-Cooney.*

#### **4.7 Høyløe på Knivsflå**

Det vart løyvd midlar til dette prosjektet i 2024, og arbeidet vart gjort same året av vår restaureringshandverkar og innleigd arbeidshjelp. Kjetil Knivsflå er eigar. Løa står heilt nede på stupkanten på Knivsflå og er synleg frå fjorden. Ho var i ferd med å falle saman då vi starta prosjektet. Heile konstruksjonen måtte demonterast. Det måtte lages ein ny stav, rafthald og bete, i tillegg til å skøyte den fremste beten og lage nokre ny skråband og spikarslag. Det var brukt osp og bjørk, og materialen vart hogd og rydd om lag 100m frå tufta. – Eit spennande og godt prosjekt der mykje av arbeidet måtte gjerast frå grunnen av.

#### **4.8 Sel på Kvanndalssætra**

Det vart løyvd midlar til prosjektet i 2023, og arbeidet vart gjort i 2024 av vår restaureringshandverkar. Murtrappa i sørgavlen hadde byrja å kollapse. Ho var demontert og bygd

opp på nytt. Dei fyrste trinna var gjort litt breiare for å gjere konstruksjonen meir stabil. Vindaugget i vestveggen var demontert, nokre ruter trong nytt glas og vindaugget var kitta på nytt og kvitmåla innvendig med linoljemåling. Bygget er eigd av Per Ivar Gjørva.

*Kvanndalssætra*

*Foto Finn Thomas-Cooney.*





#### 4.9 Flydalssætra - forprosjekt

I 2024 fekk vi tilsegn til eit forprosjekt på Flydalssætra for å planlegge grundigare korleis eit restaureringsprosjekt skal gjennomførast der oppe. Vår restaureringshandverkar har hatt oppfølginga på arbeidet, og det har elles vore nytta innleigd kompetanse. På setra er eit sel i tømmer bygd saman med fleire andre sel som hovudsakleg er murte opp med stein. Ei særeigen organisering av bygningsmassen. Her er alle grunneigarane i Flydalen eigarar. Sigmund Flydal er vår kontaktperson.

#### 4.10 Kløvstien i Geiranger, to prosjekt

Vi har gjennomført restaurering av kløvstien oppover frå Vinje camping til neste møte med hovudvegen. Ved Kleiva er delar av fundamentet for vegen mura oppatt, og det er reinska opp i vegetasjonen og rydda opp den brattaste brauta. Øvst er det lagt ned noko meir stein. Litt høgare oppe var fundamentet for vegen i ferd med å skli ut/kollapse, og dettestor er mura oppatt. Vi har også lagt om vegen attende til der han opphavelg gjekk, oppover eit sva, før ein kjem opp på innmarka like ved to bustadhus. Oppover svaet har vi valt å etablere eit rekkverk etter same tradisjon og mal som på Skageflåråsa og ved Storsæterfossen. Hovudårsaka til dette er tryggleiken til dei gåande. Vi prøver å få flest mogleg til å nytte kløvstien og snarvegane oppover Holebygda når dei skal gå til Flydalsjuvet. Slik får vi gåande ut av vegbana, og kan unngå blanding av ulike grupper trafikantar og dermed ein del trafikkfarlege situasjonar.

Litt ovanfor hyttefeltet i Flydalen har vi også gjort ein liten reperasjon ved eit stup. Her er steinsetjinga no sikra med bolting. Nokre steinar var her på veg ut, og dette kunne føre til at større delar av vegen rasa saman på eit punkt som i utgangspunktet er smalt.

Sandal Anleggsgartnar har stått for arbeidet på begge desse prosjekta i kløvstien. Vår formidlingsleiar har hatt prosjektansvaret.

#### 4.11 Tørkestove og hagemur/terrengmurar ved Møllstunet

Vi har overtatt prosjektansvaret for to prosjekt i Møllstunet etter at grunneigarane i fyrste omgang fekk midlar frå fylkeskommunen gjennom hastevedtak. Tørkestova står oppe på vegskjeringa like nedanfor sjølve Møllstunet. Her var det hol i taket og tømmerkassa hadde roteskader. Det var òg behov for å rette oppatt delar av tørrmuringa. Sandal Anleggsgartnar har stått for murarbeidet, medan vår restaureringshandverkar har gjort tømmerarbeidet. Jobben med å leggje ny never og torv må takast att til våren.

Ein terrengmur like ovanfor tørkestova er også tatt att, dels mura oppatt og sikra. I tillegg har ein gjort eit stort arbeid med ein relativt stor, rektangulær hagemur litt lenger inne. Her hadde steinar rasa ut, og ein frykta at dei kunne rulle ned på hovudvegen. Sandal Anleggsgartnar gjorde òg arbeidet med denne muren.

Medan ein jobba med tørkestova, varsla Sandal om at støttemuren (betongmur) i vegskjeringa var svært dårleg. Fylkesveg fekk umiddelbar beskjed om dette og at det truleg burde gjerast tiltak. Like etter at arbeidet med tørkestova var i mål, kom beskjeden om at den omtala betongmuren hadde rasa ut. Like før jul fekk ein sikra bygget, og det må gjerast ytterlegare arbeid i 2025 med å få på plass eit solid fundament. Det har vore bra samarbeid mellom vegmyndigheiter, fylkeskommune-kultur og verdsarvstiftinga i denne prosessen.



*Store terrengmurar ved Møllstunet vart sett i stand på seinhausten.*



*Det var krevjande arbeid med å setje i stand både terrengmurane ved Møllstunet (øvt) og tørkestova yst på vegkanten (nedst). Never- og torvtekking vert gjort i 2025.*





#### 4.12 Gjerde, råsa og tiltak i tunet på Skageflå

I 2024 fekk vi òg midlar til tiltak knytt til Skageflå. Vi har etablert nytt gjerde heile vegen på råsa ned til Skagehola. Det opphavlege gjerdet var prega av ulike tekniske løysingar, dels av gamlesorten med smijarn, dels t-stolpar og dels trykkimpregnerte stolpar. No er det gjennomført gjerding med smijarn og galvaniserte stålroyr som handlist. Slik har vi tatt oppatt den opphavlege gjerdinga, og denne stolpetypen er også den som har halde seg best. På nokre få strekningar har det ikkje vore fjellgrunn til å bore ned smijarnsstolpar. Her har vi valt å bruke einer, og vi er svært godt nøgde med dette resultatet.

Sherpaer gjorde eit solid arbeid med steinsetjing i råsa i 2023, og i 2024 har vi berre gjort nokre få utbetringar på steinsetjinga.

Det vil truleg vere behov for å gjere tilretteleggingstiltak på råsa på etappen der ein kjem over fjellkanten og opp til tunet. Her er det ein del slitasje, og oppe på innmarka ser vi at råstraseen har blitt stadig breiare. Eit arbeid her må ev. takast att i eit seinare prosjekt. Det kan då bli aktuelt å leggje om råsa ut mot kanten mot fjorden der ho no går over innmarka.

Oppe i tunet har vi hatt tett dialog med grunneigarane og dei har ønskt seg fleire små tilretteleggingstiltak med steinsetjing for å få eit tørrare og meir praktisk tun. Det er lagt ned heller langs heile øvstesida på det nedste huset, og mellom inngangsdør og utedo på øvstehuset. Steinsetjinga ved eit hjørne er re-etablert, og ei trapp er sett i stand. Alt arbeidet er gjort av Sandal Anleggsgartnar. Formidlingsleiar har hatt prosjektansvaret.

#### 4.13 Arborist Møllstunet

Det er starta opp arbeid med arborist i Møllstunet for å kartleggje særskilt treslag knytt til innmarka. Dette inkluderer i stor grad frukttre. Vidare rådgjeving kring stell og dels praktisk arbeid med dette. Arbeidet vert hovudsakleg lagt til 2025. Vi



*Rekkverk Skageflåråsa*

nyttar arborist frå Sandal Parkdrift. Verdsarvstiftinga har koordineringsansvaret ved formidlingsleiar.

#### 4.14 Synfaringar, søknadsarbeid og rapportering

Restaureringshandverkar og dels formidlingsleiar har gjennomført mange synfaringar i verdsarvområdet med omland hausten 2024. Det er svært gledeleg at mange grunneigarar har tatt kontakt med oss for å få hjelp.

På fleire synfaringar har vi hatt med seksjonsleiar kulturmiljø og friluftsliv, Hilde Tøkle Yri. Dette har vore nyttige dagar, og positivt for både oss og grunneigarar med direkte dialog og diskusjon. Verneområdeforvaltar har òg delteke på fleire av synfaringane – også veldig bra!



På bakgrunn av synfaringar og dialog med grunneigarar vart det laga tilstandsrapportar og kostnadsoverslag på ein heil del prosjekt, og Stiftinga har bidratt til å ferdigstille følgjande søknader hausten 2024. Arbeidet er gjort av restaureringshandverkar og formidlingsleiar:

#### **Søknadsordninga Verdsarvmidlar:**

- Postvegen Ljøen. Samarbeid verneområdeforvaltinga, Stranda kommune og Ljøbrekkas Venner. Restaureringa gjeld strekninga frå fylkesvegen ned til Ljøkaia.
- Kløvstien ved Flydalsmyrane (nytt prosjekt). Restaurering.
- Arborist Skageflå – fjerning av tre som står i vegen for taubana.
- Prosjekt Herdalssætra: Verdiskaping med grunnlag i setra.
- Flydalssætra. Restaurering. Kontaktperson for eigarane: Sigmund Flydal.
- Skageflå – fleire mindre tiltak knytt til husa.
- Terrengmurar i tunet på Knivsflå. Eigar Ingvald Knivsflå.
- Råsa opp til Knivsflå. Noko steinsetjing. Grunneigarar Ingvald Knivsflå og Kjetil Knivsflå.
- Røkestove i Møllstunet. Eigar Jan Ottar Møll.
- Støttemur i Møllstunet. Eigar Per Otto Solhaug.
- Sel på Storsætra. Eigar Jon Erlend Vinje og Synnøve Maråk
- Løe Holebakk. Eigar Tor Hallgeir Hole.
- Eldhus på Vesterås. Eigar Oddvin Vesterås

- Skuleprosjekt: Fjordarven i barnehender. Samarbeid verdsarvstiftinga og Storfjordens Venner.

#### **Søknadsordninga Regionale kulturminne:**

- Stabbur på Gjerde i Valldal. Eigar Arne Sandnes
- Elias-Bendik bua i Fundergata, Tafjord
- Terrengmurar på Hjellane i Eidsdal. Grunneigar Knut Hjelle. (fornyng av søknad)

*For desse vert det òg sendt søknad til kulturminnefondet og ev. andre relevante ordningar.*

#### **Søknadsordninga knytt til kulturlandskapet i verdsarvområdet – forvalta av Stranda kommune**

- Her er det søkt medfinansiering til prosjektet knytt til Herdalssætra og prosjektet «Fjordarven i barnehender». Dei to prosjekta knytt til Knivsflå fekk tilsagn på tampen av 2024, og dette vil då bli ein del av finansieringa på desse.

Stiftinga har hatt prosjektgjennomføring og tatt ansvaret for økonomien på alle «fellesprosjekt» knytt til råser, alle prosjekt i Møllstunet, på Knivsflå og i Flydalen. Vi har hatt prosjektleiinga på samtlege av prosjekta som er omtala ovanfor. Hjelpa frå Stiftinga er avgjerande for at fleire av prosjekta skal bli realisert, i følgje grunneigarane. Det er omfattande arbeid for oss, og ligg organisert under formidlingsleiar og restaureringshandverkar/kulturmiljøforvaltar.



## 5.0 Smart fjord - kunnskap, forskning, ivaretaking og utvikling

I strategiplanen vår har vi strukturert alle arbeidsfelt og satsingsområde innanfor ein «Smart fjord» tenking, og relatert dei til FN sine berekraftsmål.

Nokre av prosjekta som vert omtala i det følgjande har gått over fleire år, og vi syner då til tidlegare årsrapportar for meir detaljar.

### 5.1 Kunnskap og FoU

#### 5.1.1 Air Quality monitoring

Vi viser til tidlegare rapporteringar på dette prosjektet. Prosjektet skal overvake ulike indikatorar for luftkvalitet i Geiranger og arbeidet vert utført av Universitetet i Bonn. Målingane omfattar PM (svevestøv av ulik storleik), Karbonmonoksid (CO), Nitrogenoksid (NOx), Ozon (O<sub>3</sub>), Svoveldioksid (SO<sub>2</sub>) på 3 ulike stasjonar i bygda, samt ved bruk av ein mobil stasjon. Ein særleg viktig del av arbeidet har blitt å få kunnskap om korleis luftkvalitetsvariablane oppfører seg i fjordlandskapet, avhengig av ulike vêrforhold og topografien i landskapet.

Årets rapport inkluderer målingane frå september 2023 – august 2024. I løpet av denne perioden var cruisetrafikken stor på verdsarvfjorden. I tillegg er det auka båt- og ferjetrafikk under vinteren, som også påverkar målingsresultata og luftkvaliteten negativt. Resultata viser igjen at det er størst uro knytt til dei små partiklane (svevestøvet) og deira konsentrasjon og korleis desse vert fanga i ein kompleks topografi. Årets rapport konkluderer med at situasjonen er fortsatt kompleks. Ver-, vind-, regn- og snøforholda har begrensa mogelegheit til å bidra til å redusere forureininga, grunna den komplekse topografien.

#### 5.1.2 TWIN FJORD

Stiftinga er samarbeidspartnar i forskingsprosjektet, Twin Fjord.

Prosjektet skal utvikle teknologi som gjer det lettare å ta avgjersler for berekraftig arealplanlegging og forvaltning med Geirangerfjordområdet som case. Det blir forska på eit beslutningsstøtteverktøy som skal utviklast i samarbeid mellom forskingsinstitusjonar og offentlege og private aktørar som sit tett på desse problemstillingane. Meininga er å utvikle og ta i bruk betre metodar og prosessar for å forstå konsekvensar av arealendringar og samtidig gjere denne informasjonen meir tilgjengeleg gjennom bruk av nye visuelle verktøy.

Ambisjonen er å utvikle eit interaktivt, visuelt verktøy som skal gjere det lettare å forstå verknadene av det som ein planlegg skal gjennomførast, og vedtak som blir gjort. Sjølv om det finst digitale verktøy i dag, er det forventningar om at Twin Fjord skal vere en meir komplett modell for mange ulike variablar.

Forskingsdeltakarar i prosjektet er NTNU, Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) og Norges Universitet for Miljø- og Biovitenskap (NMBU) og Universitetet i Bonn. Dina Aspen er prosjektleiar.

Verdsarvstiftinga er partner i forskinga og i 2024 deltok vi i to arbeidsverkstader, ein i Geiranger og ein på Stranda, samt i nokre digitale møter i meldingsåret.

#### 5.1.3 Andre kunnskaps- og FoU prosjekt

I 2024 deltok vi også med innsats inn i desse forskingsprosjekta:

**TourRisk:** Tourism Risks: “A resilient low-carbon, high-yield tourism model for Norway”. Turisme og klimarisiko: ein modell for korleis det norske reiselivet kan redusere klimautslepp og auke verdiskapinga. Klimaendringane gjer det nødvendig å omstille reiselivet. Utsleppa må ned, og verdiskapinga opp. I tillegg må kvar enkelt bedrift førebu seg på krisene etter pandemien, ein strengare utsleppspolitikk og meir ekstremvêr. Forskingspartnarar: Vestlandsforskning, Handelshøgskolen BI, Statistisk sentralbyrå, Norges Handelshøgskole, Norlandsforskning, Høgskulen på



Vestlandet, University of Waterloo (Canada), University of Queensland (Australia), Breda University of Applied Sciences. Andre partnerar: Fjord Norge AS, Hurtigruten AS, Nærøyfjorden verdsarvpark, Geirangerfjord Verdsarv og Visit Voss. I 2024 deltok vi i årsmøtet i prosjektet samt har bidrege med resultat frå andre relevante prosjekt inn i forskingsprosjektet.

#### **Kunnskapsinnhenting Vestnorsk fjordlandskap:**

I samband med revidering av forvaltningsplanen for verdsarvområdet, nye forvaltningsplanar på nett for dei ulike verneområda og ein regional plan for Vestnorsk fjordlandskap, er det behov for eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag om området. Verneområdestyret for Geirangerfjorden – Herdalen, verdsarvkoordinator Geirangerfjordområdet, Nærøyfjorden verneområdestyre og verdsarvkoordinator Nærøyfjordområdet fekk alle midlar til felles kunnskapsinnhenting i 2024. Partnerane lyste ut første delprosjekt av kunnskapsinnhentinga i 2024. Miljøfagleg utredning vant denne utlysinga i samarbeid med Biota og Biofokus. Dei er no i gong med eit prosjekt der formålet er å få ein oversikt over miljøtilstanden i verdsarvområdet i dag samanlikna med innskrivingstidspunktet, og å få laga ein plan for vidare undersøkingar og overvaking. Dette delprosjektet skal fullførast i 2025. Partnerane ynskjer å vidareføre det gode samarbeidet om kunnskapsinnhenting også i 2025 og søker om ytterligare finansiering til både ein felles kunnskaps- og forskingskoordinator, samt til å vidareføre kunnskapsinnhentinga. Arbeidet er ei viktig oppfølging av IUCN sin rapport om Vestnorsk fjordlandskap frå 2022 og resultatet av periodisk rapportering til UNESCO frå 2023.

## **5.2 Berekraftig ivaretaking og utvikling**

### **5.2.1 Smart fjord KULTUR**

Stiftinga ser store mogelegheiter for nyskaping dersom vi klarer å skape eit samarbeid mellom kulturaktørar/organisasjonar, frivillige/lag og

profesjonelle reiselivsaktørar. Saman kan vi vere i stand til å utvikle ei spenstig kultursatsing for verdsarvområdet. Målsettinga er å skape nye, større kulturarrangement/aktivitetar av regional, nasjonal og internasjonal målestokk i alle dei kalde vintermånadane, for å skape reise- og opplevingslyst i ein ny sesong og større trivsel i små lokalsamfunn. Dette skal trekke nye publikum og gje grunnlag for ny verdiskaping innanfor t.d. overnattings-, transport- og restaurantbransjen, samt skape ny aktivitet for kreative- kulturnæringar og et større grunnlag for heilårsdrift for fleire. Kultur- og kreativ næring er gode næringar for bevaringa av natur- og kulturarven vår, og satsinga representerer ei god mogelegheit til å skape nye verdier av verdsarvstatusen.

### **5.2.2 Artist in residens (AIR)**

Vi viser til omtale av prosjektet tidlegare år. I 2023 starta vi opp fase 2 av forprosjektet AIR Geiranger. Grunna at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap siste åra opplever eit visst utviklingspress, så har IUCN/UNESCO ytra ei viss bekymring for verdsarvområdet og dei universelle verdiane. Dette har ført til at alle potensielle og nye utviklingsprosjekt må no gjennom grundige konsekvensutgreiingar for verdsarven. AIR prosjektet har difor prioritert å starte opp ein prosess for å utvikle ei Konsekvensutgreiing verdsarv for utviklingsprosjektet, samt ein mogeleg reguleringsplan for området. Asplan Viak fekk oppdraget med å utvikle ei konsekvensutgreiing for verdsarv (KUVA)– verdiane i 2024. Same selskapet hjelper Stranda kommune med utgreiingsarbeidet knytt til parkeringstunellen i sentrum, samt parkeringsproblematikken knytt til Fosseråsa i Holebygda. Det er ein fordel for prosjektet vårt at konsulentane kjenner verdsarvområdet godt og har vore inne i desse problemstillingane i verdsarvområdet. Det vert viktig å lande eit mogelegheitsrom for prosjektet, før ein kan vurdere nærare å gå vidare med prosjektet.



### 5.2.3 Geiranger Lyskunstfestival

Geiranger lyskunstfestival er ei unik kunst- og naturoppleving som forvandlar Geiranger til eit storskala, utandørs lyskunstlandskap. Med ei magisk stemning med lyskunst ute i naturen, inviterer Geiranger Lyskunstfestival alle til ei sosial, sterk og inkluderande oppleving av kunst, lys og natur i eit av dei mest spektakulære reisemåla i Noreg.

Lyskunstfestivalen fokuserer på stadspesifikke kunstverk som brukar fjellsider, fossar, bygningar og vatn som viktige element i kunsten. Kunsten reflekterer og utdjupar naturen og kulturen og gir sjåaren nye innsikter og opplevingar. Ved å skape ei unik og spektakulær kulturoppleving i vinterhalvåret i Geiranger, løftar festivalen Geiranger sitt særeigne landskap på ein inspirerende, innovativ og nytenkande måte - ikkje berre i Noreg, men også internasjonalt. Festivalen skal ha ei sterk forankring i bygda si natur- og kulturhistorie, og soleis danne grunnlag for ein heilt stadbunden festival.

### Visjon

Visjonen til Geiranger Lyskunstfestival er å bli en årleg kulturmagnet i ein ukjent vinterdestinasjon, gje publikum ei unik oppleving som smelter kunst og natur saman og hjelpe lokalsamfunnet i prosessen med å bli berekraftig året rundt. I 2024 gjennomførte vi ein festival på heile 15 dagar. Veke 9 og 10 er eit tidspunkt med stort utviklingspotensiale for ein lyskunstfestival. Dette er ei populær vinterferietid og er lagt til ulike veker både her i landet, i Norden og i Europa. Med målretta marknadsføring og spennande produktpakking, saman med dei lokale reiselivsbedriftene, Fjord Norge og Visit Norway så har vi tru på at det ligg eit potensiale her.



Glimt frå lyskunstfestivalen.

Foto Hyke studio



*Glimt frå lyskunstfestivalen.*

*Foto Hyke studio*

### **Geiranger Lyskunstfestival 2024**

Vi presenterte eit omfattande program med heile 12 kunstverk av norske og internasjonale kunstnarar:

- Vi ser deg av Mads F.L. Nilsen/ProjektorPøblene // NO
- Octalines av Birk Nygaard // NO
- Rosemalingen vokser av Noémi Prud'homme og Yohan Dumas// FR
- Lysande bygd av Linda Emdal & Zenisk // NO
- The Sunset Garden av Those Guys Lighting // LV
- Moon av Randiane Aalberg Sandboe // NO
- Yme av Birk Nygaard & Karl Seglem // NO
- re:Live av Cecilie Hole, Martinus Larsen & Martin Smoge // NO
- On the Wave of Light av Those Guys Lighting // LV

- Anker av Birk Nygaard // NO
- Fargespel av Dalsbygda og Geiranger barnehagar // NO
- InvisibleVisible av Randiane Aalberg Sandboe // NO

Heile lyskunstutstillinga med kunstverka som er nemnde over var heilt gratis. Følgjande arrangement var også gratis:

- Lesestund med Maria Parr
- Kunstnarmøte med Jurijs Sislovs frå Those Guys Lighting
- Verdsarvlandskap i endring, fotoforedrag ved landskapsgeograf Oscar Puschmann
- Lysvesper, i samarbeid med Geiranger kyrkje.
- Folkemusikkpub, i samarbeid med Havila Hotel Geiranger og Valldal spelemannslag



Dessutan arrangerte vi følgjande billetterte arrangement:

- Konsert med Kari Bremnes Duo fredag 16.februar i samarbeid med Hotel Union
- Konsert med musikarane Ole Jørn Myklebust og Georg Buljo og videokunstnarane i Hyke Studio, i samarbeid med Geiranger kyrkje og Festspela i Geiranger.
- Konsert med Knut Buen, Kåre Nordstoga og Jåånskoret, i samarbeid med Geiranger kyrkje og Festspela i Geiranger
- Nattcruise på Geirangerfjorden der musikarane Ole Jørn Myklebust og Georg Buljo spelte i stummande mørke, i samarbeid med Geiranger Fjordservice.

Det ligg og meir info her:

[www.geirangerlys.no](http://www.geirangerlys.no)

og vi vil og presentere kvart enkelt kunstverk nederst i denne rapporten.

### Besøkande

Vi er svært fornøgde med antal besøkande og ser ein god auke frå føregåande år. Nesten 3000 gjestar har gått Fossevandringa, og hotell og andre næringsdrivande melder om ein tydeleg auke i besøk.



### Pressedekning og merksemd elles:

Vi hadde fleire store oppslag i aviser og tidsskrift, og det var og innslag på NRK Møre og Romsdal både radio og tv:

<https://tv.nrk.no/se?v=DKMR98021624&t=218s>

[https://radio.nrk.no/serie/distriktsprogram-moere-og-romsdal-](https://radio.nrk.no/serie/distriktsprogram-moere-og-romsdal-radio/sesong/202402/DKMR02003324#t=36m48s)

[radio/sesong/202402/DKMR02003324#t=36m48s](https://radio.nrk.no/serie/distriktsprogram-moere-og-romsdal-radio/sesong/202402/DKMR02003324#t=36m48s)

I samarbeid med reiselivsbedriftene i Geiranger annonserte vi både regionalt og nasjonalt, og opplevde god effekt av det i det at det kom gjestar både frå Vestland, frå Trøndelag og frå Oslo og Austlandet.

Vi opplevde også svært stor aktivitet på sosiale media og var også aktive sjølve før og under festivalen – eit arbeid som gav oss god merksemd.

### Omgjevnadene

Kunstverka danna ei 2,5 km lang "løype" i Geiranger:

Ved å følgje kartet kunne publikum få med seg alle kunstverka i løpet av dei tre timane kvar kveld utstillinga var open. Kunstverka var lett tilgjengelege, enten langs veg eller langs fossevandringa. I eit folkehelseperspektiv kan ein og nemne at dette er kunst ein må røre på seg for å oppleve.

Teknisk leverandør: Konserterssystemer LLB, avd. Giske/Ålesund og Projektorpøblene.

Hyke Studio laga ein festivalfilm på oppdrag frå oss. Den kan sjåast her:

<https://www.youtube.com/@geirangerfjord>



Geirangerfjorden  
verdsarv



United Nations  
Educational, Scientific and  
Cultural Organization



Geirangerfjorden  
World Heritage



*Geiranger kyrkje vart vakkert lysdekorert under festivalen.*

*Foto Hyke studio.*

*Glimt frå lyskunstfestivalen*

*Foto Hyke studio.*





#### 5.2.4 Festspela i Geiranger

Festspela i Geiranger er initierte av nokre eldsjeler frå lokalområdet, dels profesjonelle musikarar og dels folk som arbeider med musikk i sitt daglege virke. Det er sett ned eit styre for festspela der verdsarvstiftinga er ein av aktørane som er med.

Festspela er ein årleg musikkfestival arrangert første gong i 2021, og 2024 var såleis det fjerde året. Festivalen kombinerer store musikkopplevingar, spektakulære naturrammar og lokal matkultur, og tilbyr eit breitt program over fire dagar med opne konsertar, workshops for born og unge, festivalgate og fagseminar. Med hovudfokus på klassisk musikk av høg kvalitet ønskjer vi å inspirere og vise samanhengar i eit breiare musikalsk og kulturelt landskap, og bidra til å utvikle Geiranger som eit kunstnerisk og kulturelt knutepunkt i ramma av UNESCO verdsarvområde for natur og kultur. Parallelt ynskjer vi å bidra til stadsutvikling, auka verdiskaping og berekraft i bygda, og skape aktivitet, besøk og bulyst i regionen.



*Glimt frå Festspela 2024.*

*Foto Hyke studio.*



## Samandrag Festspela 2024

Festspela vart arrangert for fjerde gong 26.- 29. september. Vi nytta 15 arenaer i år, og både publikum, utøvarar og partnerar uttrykte stor tilfredsheit og entusiasme over at Festspela vart gjentatt for fjerde år på rad. Nokre nøkkeltal frå Festspela 2024:

- **24 arrangement**
  - 10 opne konsertar, 6 konsertar på institusjoner i Fjord og Stranda kommuner, 1 ope fagseminar, 2 meisterklasser for unge talent, 1 gehørsspelkurs for barn, 1 barnefestival i festivalen, 1 kunstnarsamtale, 1 festspelgudsteneste med musikarar frå øvrig program, og 1 festivalgate/haustmarknad med levande musikk og lokale produkt/mykje aktivitet.
- **98 utøvarar**
  - Stjernesolistar med internasjonale karrierer, profesjonelle ensemble og band, lokale medverkande born, unge og vaksne, og regionale musikarar på toppnivå.
- **2200 publikummarar**
  - Ein fin auke frå 2023, og publikum i eit aldersspenn frå spedbarn til 90+.

### 5.2.5 Andre Smart fjord prosjekt

#### Bevaringskonsert

Som eit nytt og spanande tiltak arrangerte Smart Fjord Kultur for første gong ein bevaringskonsert. Utgiftene til konserten vart dekte gjennom sponsorsamarbeidet med Sparebanken Møre, og alle inntekter gjekk som støtte til bevaring av eit kulturminne, denne gongen Stiftinga Notanaustet i Norddal, og deira unike samling av historiske trebåtar. Artist på konserten var Ingrid Olava og hennar trio og det vart ei heilt unik oppleving på Iverkaia i Norddal med det store blanke fjordbassenget og fjella som bakgrunn.

*Frå bevaringskonserten i Norddal med Ingrid Olava.*





### **Julemarknad**

Det vart i 2024 for andre gong arrangert julemarknad som eit samarbeid mellom Smart Fjord Kultur og lokale næringsaktørar, og med eit variert utval av kunsthåndverk, bakst og andre utstillarar. Marknaden vart tatt godt imot trass i dårleg ver og at arrangementet vart flytta innandørs, og vi tenkjer at dette vert ein tradisjon og eit godt tilbod til fastbuande og gjestar i adventstida.

### **Konsertpakkar for grupper**

Det har også vore arbeidd med å etablere ein «pool» av lokale, profesjonelle musikarar og tilby konsertar til cruise- og bussgrupper. I 2024 vart det utarbeidd marknadsføringsmateriell, og i samarbeid med Geiranger Fjordservice selde vi inn

ein del konsertar, både i kyrkja og om bord på skip. Vi ser at dette kan vere verdifullt å arbeide vidare med, både for å skape næringsgrunnlag og å gjere det interessant for profesjonelle musikarar å busetje seg i området, og også for å utvide tilbodet av aktivitetar og opplevingar i bygda og dermed gjere det meir interessant å bli verande lenger. Her ligg uutnytta moglegheiter for verdiskaping.

### **Prinsesse-verkstad/kurs i design og dans for born**

I samband med det kongelege bryllupet i bygda i august vart det arrangert designverkstad og dansekurs der born vart inviterte til å designe sitt eige prins- eller prinsesseantrekk, og også lære dans. Instruktørar og inspiratorar var motedesigner Julia Krøner Venø og dansar/musikalarartist Celien de Pelecijn. 12 born frå kommunane Stranda, Fjord og Ålesund deltok.



På bryllupsdagen 31.august vart det arrangert cat-walk og oppvising der borna fekk presentere kreasjonane sine for både media og publikum til stades.

*Frå vår eiga markering av prinsesebryllaupet, her med parade i gågata i Geiranger.*

*Foto Katrin Blomvik Bakken.*



### Fjord Cowork:

Målsettinga med FJORD COWORK er å tilby attraktive og relevante arbeidsfellesskap tett på den røffe og spektakulære verdsarvnaturen rundt Geirangerfjorden. Plattformen for Fjord Cowork ([www.fjordcowork.com](http://www.fjordcowork.com)) er no operativ, og i 2024 har fokuset vore spesielt på å nå ut med tilbodet. Eit nyoppretta samarbeid med Vagúr kommune på Færøyane og Blábankinn på Þingeyri på Island har utvikla seg til initiativet Arctic Digital Nomads, finansiert av Nordisk atlantsamarbeid (NORA). Målet med prosjektet har vore å utvikle pilotprosjekt for å rekruttere nye innbyggjarar til våre små lokalsamfunn.

Den første utlysinga av Arctic Digital Nomads-stipend, der bustad vert finansiert for ein periode på 1–3 månader på eitt eller fleire av stadene, har vist seg svært vellykka. Utlysinga trefte ei nerve både nasjonalt og internasjonalt, og Geirangerfjordområdet aleine har fått over 300 søknader.

Om lag like mange har søkt seg til dei to andre stadene. Allereie i dei første månadene av 2025 kjem fleire søkjarar, både single, par og familiar, til bygdene i Geirangerfjordområdet. I tillegg ser det ut til at fleire av dei som ikkje fekk tilslag på stipend, også vil besøke området.

**Fjord Lights** / Lys i tunellen vs bevaring av vintermørket/Dark sky tourism:

Verdiskapingsprosjektet Lys i tunellen/Fjord Lights har utvikla ein strategisk lysplan for Geiranger sentrum, samt iverksett kortsiktige og mellombels belysning i påvente av realisering av lysplanen. Vi har hatt eit særskild fokus på Naustrekka og belysning av gågata, men òg mellombels belysning av ei svært mørk strekning langs fylkesvegen vart realisert før jul. Prosjektet skal også utforske potensielle nye mogelegheiter knytt til bevaring av det naturlege vintermørket- og fjordlyset i den stille årstida. Dette både for å unngå lysforureining, som er eit stort miljøproblem i samfunnet i dag, og for å utforske strategiske



*I 2024 kunne vi signere ei ny tre-årig kontrakt med Sparebanken Møre knytt til kultursatsinga vår. Både banksjef og styremedlemmer/ordførarar smilte breitt.*

*Foto Katrin Blomvik Bakken.*

mogelegheiter for å satse på «Dark sky tourism» og utvikling av nye vinteropplevingar.

I 2024 arbeidde vi med desse delprosjekta- og tiltaka:

- Fullførte ei prosjektering av gatelys i Geiranger sentrum og langs fylkesvegen. Rådgjeving.
- Montering av ny, permanent belysning av første del av naustrekka.
- Starta på ei prosjektering av belysning av naustrekka frå fjorden, ferdigstilt 2025.
- Vidareføring av konsept for vinterbelysning i Geiranger.
- Montering av permanente lysstolpar langs snarvegen frå Ungdomshuset opp til



Vinje Camping. Pilotprosjekt for uttesting av type armatur og stolpe som er anbefalt i gangstien langs Fjordaparken i Geiranger sentrum. Svært gode resultat frå piloten og lysstolpane kan verte aktuelle fleire stader i bygda for å lede gåande langs gangstiar.

- Like før jul fekk vi ei gledeleg nyhende om at Stranda kommune hadde vedtatt eit budsjett for 2025, der gatelysa har fått ei ramme på om lag 2.2 mill kroner. I tillegg søkte Verdsarvstiftinga om støtte frå fylkeskommunen til realiseringa av lysplanen. Det ligg altså endeleg til rette for at delar av lysplanen no kan få si realisering i 2025.

### Smart bygd/lokalsamfunn

Vi ønsker oss eit enno sterkare samarbeid opp mot andre frivillige lag og organisasjonar for i fellesskap bygge meir berekraftige og smartare lokalsamfunn. Ved å hjelpe kvarandre, samarbeide og samordne våre satsingar, trur vi at lokalsamfunna kan vinne på det. Stiftinga sit på solid kunnskap knytt til søknadsarbeid-, rapportering m.m., som andre organisasjonar kan trenge hjelp til. Dette gjer vi også på andre felt, og mot andre samarbeidspartnarar. I 2023 og 24 har vi hatt eit samarbeid med Geiranger Ungdomslag der vi gjekk saman for å søkje på midlar til aktivitetar for barn og unge ved bruk av Gildetun/ungdomshuset. Prosjektet mottok kr. 100.000 i støtte frå Bufdir og ny søknad sendt hausten 2024. Ungdomslaget har starta opp ein ny dartklubb, med samlingar også for unge/ungdom og det er gjennomført ei regelmessig danseundervisning for born i barnehagen og i skulen i perioden frå august – oktober. Aktivitetstilbodet vart svært godt mottatt og vil bli starta oppatt i februar/mars 2025. Prosjektet har også mottatt støtte frå Mrs. Lui fondet (tilknytta Geiranger Kyrkje).

### 5.2.6 2026 vedtaket om utsleppsrie verdsarvfjordar

Regjeringa landa endeleg vedtak knytt til Stortingets anmodningsvedtak om utsleppsrie verdsarvfjordar innan 2026. Regjeringa utsette kravet for dei store cruiseskipa til 2032, men beholdt kravet om nullutslepp for mindre skip og fartøy frå 2026.

### 5.2.7 Omstillingsprosjektet for Geirangerfjorden verdsarvområde

Stiftinga deltok i styringsgruppa i Omstillingsprosjektet for Geirangerfjorden verdsarvområde. Det 3 årige prosjektet vart oppretta av Møre og Romsdal fylkeskommune, for å hjelpe verdsarvområdet med den store omstillinga som må til for å imøtekomme 2026 vedtaket og dei strenge reguleringane for skipsfarten i verdsarvfjordane. Det har ikkje vore fysiske møter i 2024 og prosjektet vart avvikla hausten 2024.

### 5.2.8 Fellesgodefinansiering

Viser til tidlegare årsmeldingar for informasjon om prosjekt fellesgodefinansiering. Regjeringa valde på seinhausten å sende ut eit høyringsutkast for ei ny ordning for besøksbidrag i Norge, lagt som ei flat avgift på inntil 5% på all overnatting (hotell, camping, airbnb). Verdsarvkommunane og Verdsarvrådet har levert inn sine høyringssvar og har ytra ein viss skuffelse over framlegget, sidan det ikkje opnar opp for pilotar/utprøving av eit besøksbidrag for dagsbesøkande og at løysinga heller ikkje kan bidra til regulering av volum av besøkande (besøksstyring). Dette strir også med tidlegare lovnadar frå regjeringa som peika ut både Lofoten og verdsarvfjordane som pilotområde for uttesting av besøksbidrag. I staden vil dei innføre ei ny frivillig avgift som kommunane kan innføre i heile landet. Lovforslaget har fått stor motstand, spesielt frå NHO Reiseliv og hotellnæringa.



*Sommaren 2024 fungerte rangerane våre òg som parkeringsvertskap.*

### 5.2.9 Parkeringsvertskap i Geiranger

I 2024 innførte Stranda kommune betalingsordning i Geiranger sentrum. Verdsarvstiftinga har vore ein av pådrivarane for dette, som eit ledd i arbeidet med å betre parkeringssituasjonen i Geiranger. Også områda ved Norsk Fjordsenter vart lagt inn i ordninga, og det vart utvikla ein heilskapleg plan for kvar ulike køyretøy kunne parkere.

Denne sommaren var det avgrensa med ressursar til parkeringsvakter, og vi landa difor eit samarbeid der våre fjordrangerar òg arbeidde som parkeringsvertskap i sentrum. På den måten bidrog dei med informasjon og hjelp til besøkande slik at folk lettare forstod systema, og dei som trong det fekk hjelp med korleis dei skulle betale for seg. Til neste sommar er ambisjonen å ha på plass parkeringsvakter som reelt kan handheve regelverket og ev. gje bøter når det trengst. Dette vil i så fall Stranda kommune stå for på eigen kjøl.

## 6.0 Drift/ Administrasjon

### 6.1 Tilsette

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv hadde pr 31.12.2024 seks fast tilsette i 100 % stilling. I tillegg ei engasjementstilling 50% som prosjektleiar for stiftinga si kultursatsing og ei engasjementstilling 80% som vaktmeister. Stillingane fordelte seg på tre kvinner og fem menn. Ein ressurs tilsvarande 0,2 årsverk var disponert av Storfjordens Venner. I tillegg vart det seld ein administrativ ressurs til Norsk Fjordsenter AS.

I perioden juni – september var det tilsett totalt 14 sesongarbeidarar. Dette fordelte seg på sju tilsette ved Norsk Fjordsenter, fire tilsette med arbeidsoppgåver knytt til råsrydding i verdsarvområdet og vertskap i Fosseråsa, og to personar tilsett som fjordrangerar i samband med oppdrag i skipsprogrammet vinteren 24 – 25. Tilsetting i kortare og lengre periodar. Reinhold vart utført av faste tilsette og sesongarbeidarar. Åtte av dei tilsette var utanlandske, dei øvrige norske og i stor grad rekruttert lokalt.



I perioden mai til siste del av juli hadde vi òg tilsett ein person som fjordrangar. Han har tidlegare vore internship hos oss (2022). Vi hadde ei ny internship frå Universitetet i Bonn i perioden mai-juli 2024. Totalt antall årsverk, inkludert sesong tilsette, var 12,4.

Stiftinga har offentleg tenestepensjonsordning og personalforsikringar gjennom avtalar med KLP.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv hadde lågt sjukefråvære i 2024. Berre korte, eigenmeldte sjukefråvær p.g.a. eigen sjukdom eller barns sjukdom.

## 6.2 Bygg/eigedom

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv leiger bygg/eigedom av Norsk Fjordsenter AS. I samsvar med langsiktig leigeavtale har stiftinga ansvar for drift, tilsyn og innvendig vedlikehald av bygg. Vedlikehald har i 2024 vore ivareteke med eigne tilsette, og avtalar med eksterne firma.

Stiftinga hadde pr. 31.12.24 framleigeavtale for 9 kontor i administrasjonsbygget. Dette omfatta utleige både til offentleg og private firma. I tillegg avtale med Posten Norge om kantine for landpostbodet. Fem kontor var brukt i eiga drift, og alle kontor var då i bruk. I 2020 vart det etablert to kontorarbeidsplassar på «laben». Desse har vore periodisk brukt i 2024, både av eigne tilsette og eksterne som har hatt kortsiktige behov for ein arbeidsplass.

Bygga er energimerkte, med klassifisering B. Beste karakter er A. Dette viser at bygningane har ein særskild god energitilstand.

Det er avtale med Stiftinga Paktarstova i Norddal om leige av kontor, verkstad og lager på den tidlegare prestegarden. Dette er lokale for kulturvernforvaltar/restaureringshandverkar.

## 6.3 Elektrisk

Det er avtale med ACEL om eltilsyn. Dette omfattar periodisk fagkontroll og oppfølging av det elektriske anlegget. I tillegg er det rutinar for periodisk eigenkontroll. Kontrollar, ev. avvik og retting av avvik er dokumentert i eit web-basert system.

## 6.4 Brann

Det er ikkje engasjert ekstern brannvernleiar. Denne funksjonen vert ivareteken internt. Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har no ansvaret for å følgje opp rutiner og krav i forskrifter for brannberedskap og brannførebygging. Brannalarm vart i 2022 direkte kopla til vakta ved Ålesund Brannvesen. Kontrollar og periodisk eigenkontroll vart i 2024 gjennomført og dokumentert i web-basert system.

Etter avtale, gjennomførte Flo Brannsikring AS kontroll på sprinkleranlegg og slökkemiddel. Tilsvarande hadde Schneider Electric AS kontroll og service på brannvarslingsanlegg. Avtale om ekstern varslings av brannalarm hos AddSecure.

## 6.5 Tekniske installasjonar og anlegg

Det vart gjennomført vedlikehald på varmepumpe, distribusjonssystem for varme, heis, ventilasjonsanlegg og pumpestasjon i samsvar med inngåtte serviceavtalar. Dette gav nødvendig tryggleik for at utstyr fungerer, og at det er minst eitt årleg tilsyn og vedlikehaldsbesøk.

## 6.6 Ladestasjonar

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har sett opp og driftar 40 ladepunkt på området. Recharge Fortum har utplassert to ladestasjonar. Ein hurtigladestasjon på 55 kW og ein semiladestasjon på 22 kW.

## 6.7 Miljøfyrtårn

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vart sertifisert som Miljøfyrtårn i 2014 og vart resertifisert i 2021. Det er treårige periodar mellom kvar resertifisering. Resertifisering for 2024 utsett til februar 2025.



## 7.0 Besøkssenter Verdsarv – Norsk Fjordsenter

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv er ansvarleg for drift av Besøkssenter verdsarv Geiranger, for dei fleste kjent som Norsk Fjordsenter. Senteret omfattar utstillingar, kino- og forelesingssal, kafé og butikk.

| Kundegrupper                   | 2019   | 2020  | 2021  | 2022   | 2023   | 2024   |
|--------------------------------|--------|-------|-------|--------|--------|--------|
| Cruise                         | 27.588 |       | 2.816 | 20.373 | 25.984 | 20.507 |
| Grupper                        | 1.355  | 191   | 278   | 757    | 1.493  | 1.171  |
| Individuelle                   | 9.056  | 2.507 | 3.298 | 10.104 | 10.997 | 12.301 |
| Fjord Ranger                   |        |       | 203   | 357    | 3.756  | 6.472  |
| Avtale Geiranger Fjord Service |        |       |       | 1.024  | 1.143  | 883    |
| Avtale Bilberry                |        |       |       | 57     | 278    | 198    |

Billettinntekter var i 2024 3,83 mill. kr. Dette var under budsjett og skuldast hovudsakleg nedgang i antal cruisegjester. Det var ein liten auke i pris på inngangsbillett i 2024.

I 2024 vart det i inngangspartiet til besøkssenteret registrert omlag 85.692 passeringar. Det er ein viss feilmargen i dette, men det viser at det er langt fleire innom senteret enn som løyser billett.

Tilsvarande tal i 2023 var 91.232 og i 2022 var talet 63.872

Stiftinga har plassert ut teljar som registrerer passeringar i Fossevandringa. Denne viste i 2024 336 382 passeringar, opp og ned, for heile året. Dei fleste som går Fossevandringa er også innom området til Norsk Fjordsenter. Dette er ein liten nedgang i.f.t. passeringar i 2023.

### 7.2 Visning og pressegrupper

I 2024 hadde Besøkssenter Verdsarv i Geiranger besøk av grupper frå Cruise Norway, Visit Ålesund, Nordi Reise, Scandi Travel, Fred Olsen , Union Hotel og Etisk reiseportal .

### 7.1 Besøkande

Norsk Fjordsenter selde totalt 41 532 billetter i 2024. Dette var ca. 2 500 billetter under budsjett.

Fordeling av besøkande:

### 7.3 Butikk

Omsetning heng ofte saman med besøket, men vi fekk likevel ein oppgang i høve til førre året; 983.000 kroner i 2024 mot 803.000 kroner i 2023. Sal fordeler seg jamt på dei produkta som er i butikken. Vareforbruket er forholdsvis stort i høve til omsetning, og dette har samband med at ein del varer vart selde med rabatterte prisar.

### 7.4 Kafé

Kafeen vart renovert og stod klar til 1 mai 2023. Arealet er litt mindre etter ombygginga, men vi har same tal på sitjeplassar. Bruttoinntekt på sal/servering av mat og drikke i kafeen vart 1.444.000 kroner. Dette er oppgang både frå 1.142.000 kroner i 2023, og 672.000 i 2022.

### 7.5 Skjenkekontroll

Skjenkekontrollørar var på besøk i 2024 og hadde ingen merknader.



## 7.6 Mattilsynet

I 2024 har vi hatt inspeksjon frå Mattilsynet med vekt på at krav og retningslinjer for serveringsbedrifter vert følgt opp. Det var ingen spesielle merknader frå Mattilsynet. Vi oppnådde



## 7.7 LO si sommarpatrulje

Sommarpatruljen var på besøk for oppfølging av sesongtilsette. Patruljen gav positiv tilbakemelding for arbeidsavtalar, arbeidsplanar, arbeidstid og liknande.

## 7.8 Marknadsaktiviteter

Vi har hatt eit samarbeid med Fjord Tours, der dei marknadsfører sal av billetter. Denne avtalen har ikkje gitt oss noko særleg sal. Samarbeidet med Hotel Union om deltaking på messer / workshops i utlandet vart vidareført. Stiftinga vart på denne måten representert i London, Bonn og USA. Driftsleiar deltok på NTW i Trondheim. Der vart det kontakt med eksisterande kundar og det vart oppretta nye kundeforhold. Driftsleiar deltok også på Fritidsmessa i Åndalsnes og Molde.

Vi har hatt kundemøte med Berg Hansen reisebyrå, DMC Norway AS, Europea Cruise Service, ServiceReisen og Olsen cruise Service

Det er billett samarbeid / rabatt avtaler med Norsk Tindesenter, Fjellsenteret i Lom, Geiranger Fjordservice og Fjord Norge.

## 8.0 REKNESKAP

Etter eit svært godt år i 2023 vert det økonomiske resultatet noko svakare i 2024. Trass i nedgang i talet på cruisegjester har vi likevel auka total omsetning med ca. 13 %. Dette skuldast både auke i omsetninga av butikk- og kafévarer med ca. 24 % og ei kraftig auke i inntekter frå Fjord Ranger programmet på ca. 65 %. Andre sal- og leigeinntekter hadde også ei god utvikling.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har eit resultat i 2024 på 142 307 kroner etter skatt. Overskotet vert brukt til styrking av eigenkapitalen.

Sum driftsinntekter inkluderer offentlege tilskot.

|                 | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   | 2023   | 2024   |
|-----------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Driftsinntekter | 16.952 | 12.095 | 17.490 | 17.123 | 22.775 | 26.734 |
| Resultat        | 81     | 24     | 77     | 177    | 1090   | 142    |
| Eigenkapital    | 3.029  | 3.053  | 3.130  | 3.308  | 4.399  | 4.541  |



**Geirangerfjorden  
verdsarv**

60



United Nations  
Educational, Scientific and  
Cultural Organization



Geirangerfjorden  
World Heritage

**Geiranger 13. juni 2024**

**Terese Jemtegård, styreleiar**

**Einar Arve Nordang, nestleiar**

**Nils Roar Hareide, styremedlem, repr. Fagrådet**

**Kristin Krohn Devold, styremedlem**

**Lodve Solholm, styremedlem**



SIGNATURES

ALLEKIRJOITUKSET

UNDERSKRIFTER

SIGNATURER

UNDERSKRIFTER

This documents contains 1 pages before this page  
Dokumentet inneholder 1 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 1 sivua ennen tätä sivua  
Dette dokument indeholder 1 sider før denne side

Detta dokument innehåller 1 sidor före denna sida

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmateckningsrätt  
förvaltare

autoritet til å signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende



## Utfyllande informasjon om finansiering 2024

### Stranda kommune og Fjord kommune

Stranda kommune løyvde i 2024 kr 150.000 i tilskot til Verdsarvstiftinga. Heile beløpet er øyremerka drift av besøkscenteret og finansiering av vaktmeisteroppgåver.

Stranda kommune løyvde i 2022 kr. 150.000 frå næringsfondet til prosjektet «Lys i Tunnelen»/Fjord Lights prosjektet. Prosjektet starta opp i 2022 og vil fortsette i 2023-25. Heile beløpet frå Stranda kommune vart inntektsført i 2024.

Stranda kommune løyvde i 2024 kr 106.050 til kartlegging tilstand og tiltak av frukttre i innmarka på Møll. Heile beløpet overført og planlagt brukt i 2025.

Fjord kommune løyvde i 2024 kr 100.000 i driftstilskot til stillinga som kulturvernforvaltar/restaureringshandverkar. Heile tilskotet inntektsført/løyst opp i 2024. Av Fjord kommune si løyving frå 2021 til same føremål, vart kr 145 000 i restmidlar overført til 2025

Fjord kommune løyvde i 2024 kr. 100 000 frå næringsfondet til prosjektet «Senter for Kulturminneforvaltning». Heile beløpet frå Fjord kommune inntektsført i 2024.

### Møre og Romsdal fylkeskommune

Stiftinga mottek eit fast årleg driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2024 var dette på kr 2 016 167. Driftstilskot vart nytta til delfinansiering av faste driftskostnadar som husleige, straum og andre driftskostnadar.

Tilskot for 2024 til medfinansiering av stilling som kulturvernforvaltar / restaureringshandverkar (kr. 162.000) er inntektsført i 2024.

Fylkeskommunen løyvde i 2024 kr 100.000 til prosjektet «Geiranger lyskunstfestival», tilskot inntektsført og rapportert på i tilskotsåret.

Fylkeskommunen løyvde i 2023 kr 12.000 til sikring av Kløvstien i Geiranger. Tilskot inntektsført og rapportert inn i 2024. Fylkeskommunen løyvde i 2024 kr 390.000 til sikring av Kløvstien i Geiranger frå Vinje Camping. Kr 225.000 inntektsført inneverande år, resterande beløp kr 165 000 vert tilbakeført Fylkeskommunen

Fylkeskommunen løyvde i 2023 kr 45.000 til planlegging og førebuingar til istandsetting av anleggsrås til Kvithamrane i Tafjord samt ga tilsegn for 2024 på kr 500.000 til istandsetting av murar. Begge tilskota overført til 2025.

Fylkeskommunen innvilga støtte til to nye Smart fjord prosjekt i 2022; prosjekt Fjord Cowork kr. 250.000 og til «Lys i tunnelen»/Fjord Light prosjektet kr 250.000. Kr 50.000 vart inntektsført på prosjekt Fjord Cowork i 2023. Resterande beløp kr 450.000 vart i sin heilskap inntektsført og rapportert på i 2024.

Fylkeskommunen løyvde i 2024 kr 249.536 til sikring og istandsetting av rås til Skageflå samt ga tilsegn for 2025 på kr 500.000 til same prosjekt. Begge løyvingane vart etter avtale inntektsført og rapportert på i 2024.

Fylkeskommunen løyvde i 2024 kr 25.000 til planlegging av ev gjenoppbygging av tømmerseil på Flydalssetra. Tilskot vart inntektsført i 2024 og rapportert inn.

Fylkeskommunen løyvde i 2024 kr 160.000 til istandsetjing av stabbur på Møllstunet.

Kr 124 000 vart inntektsført og rapportert i 2024. Resterande kr 36.000 vert tilbakeført Fylkeskommunen.

Fylkeskommunen løyvde i 2023 kr 607.000 til sikring og restaurering av terrengmurar i bakane nedanfor Møllstunet. Tilskot vart inntektsført i 2024 og rapportert inn.

Fylkeskommunen løyvde i 2024 samla kr 570.000 til restaurering av tørkestova på Møll samt restaurering av muren nedanfor tørkestova. Tilskot vart inntektsført i 2024 og rapportert inn.

Fylkeskommunen løyvde i 2024 kr 150.000 kartlegging tilstand og tiltak av frukttre i innmarka på Møll samt. Kr 45.000 vart inntektsført og rapportert i 2024. Resterande kr 105.000 overført til 2025.

Fylkeskommunen løyvde i 2024 kr 180.000 til istandsetjing av uteløe på Knivsflå. Tilskot vart inntektsført i 2024 og rapportert inn.

Fylkeskommunen løyvde i 2021 kr 150.000 til medfinansiering av stilling som kulturvernforvaltar / restaureringshandverkar. Tilskotet vart ikkje inntektsført og er etter godkjent søknad frå fylkeskommunen overført til føremålet tilpassing av bygg til basisutstillinga. Ubrukte løyvingar frå tidlegare år til same formål, til saman kr 248.000, er også etter godkjent søknad overført til tilpassing av bygg til basisutstillinga. Sum midlar overført til 2023 til arbeidet med tilpassing av basisutstillinga frå M&R fylkeskommune er samla på kr. 398.000. I 2024 vart kr 50 827 av desse midlane inntektsført.

#### Miljødirektoratet

Stiftinga søkte om og fekk tildelt kr 2.000.000 i grunntilskot til drift av besøkssenter verdsarv i 2024

Til oppfølging av verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap – Geiranger, vart det løyvd i alt kr 3.130.000 Kr 1.300.000 av dette er finansiering av sekretariat Vestnorsk fjordlandskap

og Verdsarvrådet sin funksjon, samt verdsarvkoordinator funksjonen. Resterande tilskot kr 1.635.000 var tiltaksmidlar og brukt til

- Kurs, kompetanseutvikling, formidling
- Naturvennleg tilrettelegging, skjøtsel og skiltarbeid og arbeid med råser
- Smart fjord – partnerskap, kultursatsing, Fjord Cowork (smarte reisemål), smarte lokalsamfunn og frivillig samarbeid, Fjord Lights/Lys i tunellen, FoU/monitoring OUV luftkvalitet.

Av desse verdsarvmidlane vart kr 2 785.000 inntaksført i 2024. Resterande kr 345.000 vart overført til 2025 etter godkjent søknad.

Miljødirektoratet løyvde i 2024 til saman kr 1.000.000 til sikringsarbeid, spettreinsk og fornying av gjerde på Nasjonal Turiststi Fosseråsa - delstrekning Storsæterfossen. Kr 706.377 inntektsført og rapportert i 2024. Resterande kr 293.623 overført til 2025 etter godkjent søknad. Til Fosseråsa vart det løyvd kr 300.000 i driftstilskot. Dette er finansiering innanfor ordninga for nasjonale turiststiar og brukt til drift og vedlikehald av råsa. Til prosessen for reautorisering av Fosseråsa vart det løyvd 158.000 i 2024. Heile tilskotet vart inntektsført og rapportert same år.

Under ordninga for prosjekttilskot til besøkssenter verdsarv vart det søkt om midlar til tre prosjekt. Miljødirektoratet innvilga søknader med følgjande beløp:

- Prosjekt «Velkomen til Verdsarven inkl. Fjordheimen» kr. 820.000
- Prosjekt "Verdiutveksling mellom Verdsarvfjordar» kr. 200.000

Tilskota vart inntektsført i 2024.

Miljødirektoratet løyvde i 2023 kr 750.000 til tilrettelegging av bygg til basisutstillinga. I 2024 vart kr 95 780 av desse midlane inntektsført.

Det vart i 2024 inntektsført kr 90.000 av tidlegare mottekne investeringsmidlar til sikrings tiltak langs Fosseråsa. Beløpet tilsvara årleg avskriving.

## BUFDIR

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR) løyvde i 2023 kr. 100 000 i støtte til

prosjektet "Gildetun - ein open og inkluderande møteplass for barn og unge». Kr 24.000 var inntektsført og rapportert i 2024. Resterande kr 76.000 vart overført til 2025.

## Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - verneområdestyret

Det er i alt overført kr 1.788.000 frå Statsforvaltaren frå tidlegare år til ulike tiltak i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Av dette beløpet vart kr. 45.000 brukt i 2022 til finansiering og oppbygging av ein utstyrsbase for utlån med tanke på skjøtsel av natur- og kulturlandskap, i samråd med verneområdeforvaltar. Tanken er at dette er utstyr som skuleklassar og frivillige kan låne. Stiftinga har fått ansvaret for innkjøp og administrasjon av dette utstyret. Dette gjeld t.d. ulike beitesaker, økser, sager, arbeidshanskar, ljàar, krafter og river m.m.

Statsforvaltaren overførte i 2022 kr 100.000 i tråd med avtale midlar til uttak av framande treslag. Midlane vart brukt og inntektsført i 2024

## Riksantikvaren

Riksantikvaren løyvde i 2024 gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune kr 500.000 til kulturvernforvaltar/restaureringshandverkar. Heile beløpet vart inntektsført i 2024.

Riksantikvaren løyvde i 2022 gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune kr 500.000 til kulturvernforvaltar/restaureringshandverkar. Kr. 90.000 vart brukt til dette formålet i 2022. Resterande beløp overført til 2023 og omsøkt omdisponert til tilpassing bygg for basisutstillinga (kr. 410.000).

Riksantikvaren si løyving frå tidlegare år til same føremål (2020 og 2021) er også etter innvilga søknad overført til føremålet tilrettelegging av bygg til basisutstillinga (totalt kr.

825.000). I 2024 vart kr 157.718 av desse midlane inntektsført.

## Nordisk Atlanterhavssamarbeid

Nordisk Atlanterhavssamarbeid (NORA) løyvde i 2024 i kr 782 000 til prosjektet «Coworking for bygdeliv» som er eit samarbeidsprosjekt mellom Norge, Island og Færøyane. Kr 340 000 vart inntektsført og rapportert inn i 2024. Resterande kr 429.000 vart overført til 2025.

## Norsk Fjordsenter

Norsk Fjordsenter løyvde i 2023 kr 80.000 til tilrettelegging av bygg til basisutstillinga. I 2024 vart kr 10.217 av desse midlane inntektsført.

## Gåver / samarbeidspartnere

Sparebanken Møre inngjekk ein 3 årig samarbeidsavtale med verdsarvstiftinga knytt til Smart fjord kultursatsinga (2025 – 2027). Årleg støttebeløp er kr. 1.000.000 per år. Midlane kan nyttast til Geiranger lyskunstfestival, Festspela og prosjektleiar kultur m.m. Kr. 700.000 av tilskotet frå 2023 samt heile tilskotet for 2024 vart inntektsført i 2024. Stiftinga løyvde i 2019 kr 50.000 i støtte til bygging av nytt toalett på Rellingsætra i Norddal. Prosjektet vart fullført i 2024 og støtte vart utbetalt til Norddal Idrettslag.

# Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

## Innrapportering for 2024



Virksomheten sertifiseres etter følgende kriterier:

*Enkle serveringssteder, Felleskriterier, privat og statlig, Handel*

Sertifikat [?](#)


**Type:** 3-årig

**Utstedt:** 18 mar., 2025

**Utløper:** 18 mar., 2028

# Innkjøp

Antall leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem som Miljøfyrtårn, ISO 14001, EMAS eller tilsvarende.




*Indikatoren ble fjernet fra og med rapporteringsåret 2021. Tidsserien slutter dermed med rapporteringsåret 2020. Indikatoren erstattes av "Andel av innkjøpsvolum fra leverandører med sertifisert miljøledelsessystem".*

# Klimaregnskap

## Klimagassutslipp fra scope 1, 2 og 3

+26% fra 2023



I dette diagrammet er klimagassutslippet for elektrisitet beregnet etter lokasjonsbasert metode.

Diagrammet viser utslipp av fossilt CO2 og sterke klimagasser, men inkluderer ikke biogent CO2.

# Naturmangfold og arealbruk

## Gjennomførte tiltak og kommentarer til dataene


Det har tidlegare blitt fjerna nokre eksemplar av platanlønn frå SGV sine uteareal. Ei platanlønn fjerna mars 2025. Nokre få eksemplar står att. Desse er litt utfordrande å fjerne då dei står tett inn på annan manns eigedom og kan påføre skade på parkerte bilar o.l. ved felling. Ellers ingen forbodne planteartar på SGV sine uteareal

# Vann

---

## Vannforbruk

–5% fra 2023




## Arbeidsforhold i virksomheten

---

# Klimagassutslipp

## Energiforbruk


10% fra 2023



Forbruk av drivstoff rapportert under stasjonær forbrenning er omregnet til kWh med følgende omregningsfaktorer: - Bensin: 9,028 kWh/liter - Diesel: 10,08 kWh/liter - Biobrensel: 4,5 kWh/kg - Fyringsolje: 10,08 kWh/liter - Biofyringsolje: 9,0 kWh/liter - Naturgass (LNG): 13,3 kWh/kg - Biogass: 14 kWh/kg - Propan (LPG): 12,8 kWh/kg Kilde:


<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/for-myndigheter/kutte-utslipp-avklimagasser/klima-og-energiplanlegging/tabeller-for-omregning-fra-energivarer-til-kwh/>

## Drivstofforbruk, totalt




Forbruk av drivstoff rapportert i kg er omregnet til liter med følgende omregningsfaktorer: - Biogass: 0,717 kg/liter - Propan: 0,54 kg/liter - Naturgass: 0,74 kg/liter

## Energiforbruk pr. kvadratmeter




## Drivstofforbruk per mil




Mengde elektrisitet (kWh) til el-kjøretøy er ikke inkludert i drivstofforbruket. Derimot er antall kjørte kilometer med el- kjøretøy medberegnet. Ved økt bruk av el-kjøretøy vil altså drivstofforbruket pr.mil reduseres i grafen.

## Antall kjørte kilometer




## Tjenestereiser




Vi inkluderer flyreiser, togreiser, bussreiser (langdistanse) og hurtigbåt. Taxi og kjøregodtgjørelse vises i egne grafer. Flyreiser rapportert i person-km eller CO<sub>2</sub>-utslipp inkluderes ikke i grafen.

## Kjøregodtgjørelse for tjenestereiser

+98% fra 2023




## Flyreiser



*NB! F.o.m. 2021-rapporten regnes 1 flyreise som en reise 1 vei, og tidligere rapporterte reiser blir dermed ganget med 2. Flyreiser rapportert i person-km eller direkte i CO2-utslipp blir ikke med i denne grafen.*

## Klimagassutslipp fra flyreiser


+69% fra 2023



# Virksomhetsstyring


## Årlig omsetning

15% fra 2023



## Antall årsverk for rapporteringsåret

7% fra 2023



Tallet skal være et gjennomsnitt for året

# Arbeidsforhold i verdikjeden


---

Gjennomførte tiltak og kommentarer til dataene


SGV importerar ikkje varer frå utlandet verken for vidareasal eller i eigen produksjon.

# Ressursbruk og sirkulærøkonomi

## Sorteringsgrad




## Antall miljømerkede produkter




Indikatoren ble fjernet fra og med rapporteringsåret 2021. Tidsserien slutter dermed med rapporteringsåret 2020.

## Totalt avfall




## Andel av vesentlige leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem




■ Andel av vesentlige leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem

Grafen er beregnet utifra innrapporterte tall på a) innkjøpssum vesentlige leverandører, og b) innkjøpssum vesentlige leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem, ved formel:  $b/a$ .

## Avfallsmengder per avfallskategori



## Total mengde forbrukt papir



## Antall økologiske volumprodukter

